

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Hotel Grand Terminus, Bergen
Dato: 10.03.2015 kl. 11.00-16.55
 11.03.2015 kl. 09.00-14.35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Nils-Olav Nøss	Medlem	A
Marte Malones	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Torill Vebenstad	Medlem	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	A Møtte 10. mars
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp Møtte 10. mars
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Silje Hjemdal	Medlem	Frp 10. mars til kl. 14.45
Inger Signe Ulvund	Medlem	Frp
Gustav Bahun	Medlem	Frp
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Gunnar Bakke	Medlem	Frp
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Einar Lutro	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H 11. mars til kl. 13.00
Svein Halleraker	Medlem	H Møtte 11. mars
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Børge Lunde	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
John Opdal	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
John Torgeir Torsvik	Medlem	H
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF Møtte 10. mars
Pål Kårbø	Medlem	KrF
Aslaug Hellesøy	Medlem	KrF
Kristian Helland	Medlem	KrF
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Benthe Bondhus	Medlem	Sp

Jostein Ljones	Medlem	Sp
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Skauge	Medlem	SV Møtte 11. mars
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V
Alf Helge Greaker	Medlem	V
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Bjørnar Hamre	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall heile tinget:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Johanne Seim	Medlem	A
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Birthe Eriksen	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte heile tinget:

Namn	Møtte for	Representerer
Atle Grimstad	Inger Johanne Seim	A
Anita Garlid Johannessen	Sigbjørn Framnes	Frp
10.03: Gunn Mari Moberg 11.03: Lars Erik Dalland	Birthe Eriksen	H
Gunnar Hetland	Dan Stian Femoen	H

Følgjande varamedlemmer møtte 10. mars:

Namn	Møtte for	Representerer
Marthe Hammer	Tom Skauge	SV
Annil Rastum	Svein Halleraker	H Frå kl. 11.30
Ellinor Kreybu, frå kl. 14.45	Silje Hjemdal	Frp

Følgjande varamedlemmer møtte 11. mars:

Namn	Møtte for	Representerer
Dag Helge Hellen	Terje Søviknes	Frp
Dag Rune Mo	Marianne Sandahl Bjørøy	A
Arvid Nilssen	Torill Selsvold Nyborg	KrF

Frå administrasjonen møte:

<u>Namn</u>	<u>Stilling</u>
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Tom-Christer Nilsen

Anne Beth Njærheim

Pål Kårbø

Gro Stien Thorvaldsen
Sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/15	Interpellasjonar/spørsmål		
PS 3/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/15	Møteboka frå desemberinget 2014	2014/11715	
RS 2/15	Seks avslutta EU-prosjekt i 2014	2014/23279	
RS 3/15	Svar på interpellasjon - Standard på nye vegprosjekt	2014/23994	
RS 4/15	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan	2014/10533	
PS 4/15	Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Revisjonsrapport	2014/14567	
PS 5/15	Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Revisjonsrapport	2014/14570	
PS 6/15	Forvaltningsrevisjon innan "Prosjektstyring" - Revisjonsrapport	2014/10536	
PS 7/15	Forvaltningsrevisjon innan "Internkontrollsystem og HMT" - Revisjonsrapport	2014/10535	
PS 8/15	Revisjon av etiske retningsliner for Hordaland fylkeskommune	2014/23249	
PS 9/15	Fylkeskommunen si rolle som regionalt folkevalgt forvaltningsnivå	2014/24775	
PS 10/15	Tidsdifferensierte bompengetakstar i bomringen i Bergen	2015/1426	
PS 11/15	Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 - vedtak av handlingsprogram	2014/1442	
PS 12/15	Drift av bokbåten i Hordaland etter nedlegging i Sogn og Fjordane	2015/1160	
PS 13/15	Bymiljøavtale for Bergen - organisering og vidare arbeid	2014/54	
PS 14/15	Kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrift	2014/16808	
PS 15/15	Strategi for innfartsparkering fram mot 2030 med høyringsinnspel	2014/15627	
PS 16/15	Oppstart av Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029	2015/535	
PS 17/15	Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningsliner	2014/11370	
PS 18/15	Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 19/15	Regional plan for Nordfjella - Handlingsprogram 2015 - 2018	2014/13171	
PS 20/15	Oppfølging av museumsplanen 2015	2015/869	
PS 21/15	Nye Åsane vgs - kjøp av tilleggsareal på ca. 2 mål frå Bergen kommune	2014/12111	
PS 22/15	8-13 samarbeid i Austrheim	2014/10030	
PS 23/15	8-13 samarbeid i Arna	2014/10030	

PS 24/15	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14	2014/23262
PS 25/15	Endring av styrevedtekter for Fagskolane i Hordaland	2014/2
PS 26/15	Finansforvaltninga i 2014	2014/927
PS 27/15	Årsmelding for klagenemnda - 2014	2014/1388
PS 28/15	Revisjon av overordna beredskapsplan	2014/15688
PS 29/15	Ymse	

PS 1/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Sak 22/15 8-13-samarbeid i Austrheim:

Torill Selsvold Nyborg gjorde merksam på at det var lagt ved feil rapport til sak 22/15, nemleg "Rapport 8-13 samarbeid Arna", og bad om at fylkestinget får rett rapport. Fylkestinget fekk tilsendt rett rapport.

Sak 15/15 Strategi for innfartsparkering:

Torill Selsvold Nyborg gjorde merksam på feilskrivning i punkt 3 i innstillinga frå fylkesutvalet. Fylkestinget la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for behandlinga.

Ut over dette vart saklista godkjend utan merknader.

PS 2/15 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2015

INTERPELLASJONAR

Aud Karin Oen hadde sendt slik interpellasjon (1) til fylkesordføraren:

"Nei til auka bruk av mellombels tilsetjing

Regjeringa føreslår no store endringar i arbeidsmiljølova om mellombels tilsetjing (aml § 14-9), som kan få alvorlige konsekvensar for arbeidstakarar og heile arbeidslivet. Etter gjeldande arbeidsmiljølov jobbar allereie mange mellombels. Arbeidsgjevarar har tilgang til å tilsetje mellombels ved mellombelse behov. No vil regjeringa opne for at arbeidsgjevarar kan tilsetje heile 15 % mellombels utan grunngeving. Den grunnleggjande regelen om at mellombelse tilsetjingar ikkje skal skje i bedrifta si ordinære verksemd vert fjerna. Om ein opnar for at 15 % av stillingane i ei bedrift kan vere mellombelse, i tillegg til alle som er tilsett i vikariat eller prosjekt, eller er innleigd frå andre verksemder, gjev det heilt nye premisar for arbeidslivet enn det vi har i dag. Dette er å angripe sjølve bunnplanken i eit organisert arbeidsliv som er grunnlaget for tryggleik, verdigheit og fridom for arbeidsfolk.

Mellombelse jobbar er utrygge jobbar, og fører med seg usikre kvardagar. Arbeidsmiljølova skal sikre balanse i jobbrelasjonar der maktforholdet i utgangspunktet er skeivt. Ved å gjennomføre endringane som lovforslaget opnar for, risikerer ein i staden å styrke ubalansen ennå meir. Som mellombels tilsett blir det vanskeleg å planlegge for framtida, sidan arbeidsgjevarar avgjer lengda på jobbavtalen. Du får ikkje lån i banken til bustadkjøp utan fast inntekt. Mange kvinner har uttalt at dei ikkje kan setja born til verda utan fast jobb, å planlegge å stifte familie blir vanskeleg med ei slik arbeidskvardag.

Dagens arbeidsmiljølov gjev høve til å arbeide kvar tredje søndag. Det nye forslaget kan i verste fall gje løyve til arbeid tretten søndagar/heilagdaggar på rad innan eit halvt år og banar veg for søndagsopne butikkar. Argumentet med frivillige søndagsopne butikkar er ikkje reelt, fordi butikkar er avhengige av kundar. Dersom konkurrenten heldt søndagsopne, tør ikkje nokon stå utanfor.

Ei samla fagrørsle går mot lovendringane regjeringa no føreslår. Arbeidstilsynet påpeikar i høyringsuttalen sin at lovendringane kan føre til meir sjukdom, stress og ulykker. Arbeidstilsynet fryktar og at lovendringane vil legge til rette for meir arbeidslivskriminalitet.

I regjeringas eigen lovproposisjon står det at mellombelse tilsetjingar ikkje fører til fleire stillingar, noko som har vore eit sterkt argument frå regjeringa si side. I lovproposisjonen går ein gjennom forskning på feltet som viser at: *"En har ikke kunnet finne effekt på*

sysselsettingsnivået generelt ved økt adgang til midlertidig ansettelse eller endret stillingsvern." Vidare vert det gjort greie for negative konsekvensar av å være mellombels tilsett, både for helse, arbeidsmiljø og tilgang til kompetanseheving i bedrift: "Forskningen tyder på at midlertidig ansatte opplever større problemer med arbeidsmiljø og helse sammenlignet med fast ansatte og viser klart at disse i mindre grad får delta i opplæringsiltak finansiert av arbeidsgiver."

Regjeringa hevdar at ved å tillata fleire mellombels tilsette vil fleire ungdommar og utsette grupper som funksjonshemma lettare få seg jobb. Dette vert tilbakevist av dei funksjonshemma sine egne organisasjonar som og er imot forslaget.

Forskning frå FAFO og OECD dokumenterer at auka tilgang til mellombels tilsetjingar ikkje skapar auka sysselsetting. Det skapar kun fleire mellombelse stillingar og færre faste stillingar. Forskning viser og at mange mellombels tilsette kan utgjera ein sikkerheitsrisiko, og at mellombels tilsette vert utsett for større helserisiko og press enn faste tilsette.

I kommunal og fylkeskommunal sektor har vi ein særeigen utfordring med å halda på gode fagfolk og rekruttere nye. Om berre seks år vil Noreg mangle over 11.000 lærarar. Dersom dagens utvikling held fram, vil vi mangle 38.000 årsverk innan pleie- og omsorgsyrka i 2030. Mangelen på barnehagelærarar er stor i kommunar landet rundt.

I denne situasjonen trengs det meir enn nokon gong seriøse arbeidsgjevarar, både offentlege og private, som tilbyr sine tilsette verdige løns- og arbeidsvilkår. Auka bruk av mellombelse tilsetjingar er det motsette av dette og fører oss på veg mot lausarbeidarsamfunnet.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Deler fylkesordføraren synet på regjeringa sitt forslag til endringar i arbeidsmiljølova?

Er fylkesordføraren einig i at Hordaland fylkeskommune ikkje skal nytta seg av (tilgangen til) mellombels tilsetjing som ei eventuell lovendring vil gje?

Fylkesordføraren svarte slik:

"Svar på spørsmål 1:

Forslaget til endringar i arbeidsmiljølova som ligg til handsaming i Stortinget våren 2015 har ikkje vore til handsaming i Hordaland fylkeskommune. Saka har såleis ikkje vore handsama i fylkestinget. Fylkesordføraren kan difor ikkje på vegner av fylkeskommunen ha ei meining om forslaget.

Svar på spørsmål 2:

Kommunesektorens organisasjon (KS) har i eit høyringssvar til departementet datert den 24. september 2014 i store trekk gjeve sin tilslutnad til lovforslaget i Prop. 39 L (2014-2015) som omhandlar mellombels tilsetjing.

KS uttalar mellom anna følgjande i høyringssvaret:

- "Etter KS syn er det viktig å beholde dagens hovedregel om at arbeidstaker skal tilsettes i tidsbegrenset stilling. Den faste forpliktelsen er positiv både for arbeidsgiver- og arbeidstaker."
- "KS støtter at endringen må undergis begrensninger. Etter KS syn er det viktig at en begrensning må være så tydelig at det er minst mulig rom for tolkningstvil. KS støtter derfor forslaget om en karanteneperiode for samme arbeidstaker og de samme oppgavene i inntil 12 måneder."

Fylkeskommunen sine egne driftsoppgåver er i stor grad føreseielege og er organisert med personale i faste stillingar. Dei mellombels tilsette i fylkeskommunen i dag er dei som er tilsett i vikariat og dei som er tilsette i tidsavgrensa prosjekt oppretta i samsvar med reglane i noverande arbeidsmiljølov. Fylkesordføraren kan ikkje sjå at nye reglar for mellombels tilsetjing vil endre på dette. Fylkesordføraren vil likevel presisere at Hordaland fylkeskommune må forhalde seg til mellombels tilsetjing i samsvar med dei lovreglane som gjeld til ei kvar tid."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkesting meiner regjeringa sitt forslag om auka mellombels tilsetjing (AML14-9) vil skape større usikkerheit for mange arbeidstakarar, for deira familiar og for deira personlege økonomi. Forslaget medfører i praksis at alle nyttilsette kan vere mellombels tilsette i 12 månader.

Hordaland fylkeskommune skal vere ein ansvarleg og seriøs arbeidsgjevar, med trygge arbeidsplassar, der gode skular og gode fylkeskommunale tenester for innbyggjarane har hovudprioritet. Som ein følge av dette, ønskjer fylkestinget ei arbeidsmiljølov som gjev tryggleik og stabilitet for arbeidstakarar og arbeidsgjevarar. Det oppnår ein ikkje gjennom auka bruk av mellombelse tilsetjingar.

Dersom eit fleirtall på Stortinget likevel vedtar regjeringa sitt forslag om mellombelsheit, vil Hordaland fylkeskommune som arbeidsgjevar likevel fortsetje dagens praksis, med unntak av karantenebestemmelsen."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

29 av representantane (H, Frp, V) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

Tom Skauge hadde sendt slik interpellasjon (2) til fylkesordføraren:

"Ingen TISA-avtale om økt privatisering av offentlige tenester

Norge er inne i forhandlingar om en omfattande avtale om handel med tenester med USA, EU, Australia og ei rekkje andre land – TISA-avtalen (Trade in Services Agreement).

Det er grunn til å tru at TISA-avtalen vil stille krav om privatisering både av norske offentlege tenester og dei offentlege tenestene til utviklingsland. Til avisa Klassekampen har Noregs utanriksminister uttalt at "offentlege tenester ikkje er tema i forhandlingane". Same avis skriv 2. mars at "offentlege tenester" er særns snevert definert og i praksis berre vil gjelde politi, brannvesen, forsvar og domstolar, medan barnehagar, skular, sjukehus, eldreomsorg, barnevern og rusbehandling likevel ikkje er definert ut av TISA-avtalen.

Avtalen kan gje ekspresskonkurransenutsetting av tenestene våre, og gje den mest vidtrekkande liberalistiske globale rammeavtalen på fleire år. Med TISA vil det bli svært vanskelig å reversere privatisering gjennomført av tidlegare regjeringar, fylkesting eller byråd/kommunestyre. Dette vil dermed innskrenke demokratiet. Folket får på nytt avgrensa sine muligheter til sjølve å bestemme korleis ein til ein kvar tid vil organisere samfunnet sine velferdstenester.

Ytterlegare liberalisering av finansnæringa er eit hovudmål med dei pågåande forhandlingane. Noreg kan ikkje inngå ein avtale som hindrar land iverksetjing av tiltaka som FNs finanskommisjon tilrådde etter finanskrisa i 2008. Krisa viste klart behov for regulering av finanssektoren.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Deler fylkesordføraren uroa over at ein ny TISA-avtale i framtida kan redusere veljarane sine moglegheiter for å velje mellom stat og marknad for tenesteproduksjon i offentlig sektor?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Det er ingen grunn til å tru at avtalen vil innehalde krav om privatisering. Det pågår forhandlingar om ein fleirstatleg avtale knytt til handel med tenester, TISA-avtalen. Noreg er blant 51 WTO-medlemmer som ynskjer eit betre internasjonalt rammeverk for handel med tenester i ein avtale som kan innlemmast i WTO-avtalen når fleire medlemmar sluttar seg til.

Det var regjeringa Stoltenberg som bestemte at Noreg skulle delta i TISA-forhandlingane. Initiativet var basert på ei brei politisk semje. Det er og brei semje om at dette er ein avtale Noreg er tent med. Forhandlingane starta formelt i juni 2013. I samband med forhandlingane har regjeringa så mykje openheit som mogeleg. Det norske opningstilbodet blei lagt fram i

november 2013. Det norske opningstilbudet og annan relevant informasjon er lagt ut på regjeringa sine heimesider.

TISA-forhandlingane er viktige for Noreg. Tenesteeksporten har ein aukande betydning for sysselsetting og verdiskaping, særlig innanfor skipsfart og maritime tenester, energi, sjøforsikring, og telekom.

Norge har ei klar interesse av ein avtale som vil sikre føreseielege reglar og ein meir open marknad for vår tenesteeksport, basert på likebehandling. Dagens 51 TISA-deltakarar, der Noreg inngår, representerer ca. 70 prosent av verda sin tenestemarked, som i sum er berekna til 4 000 milliardar dollar.

TISA trugar så langt vi kan sjå ikkje offentlege tenester og velferdstilbod. TISA pålegg ikkje privatisering, deregulering eller konkurranseutsetting av nokon offentlege teneste på nasjonalt, regionalt eller kommunalt nivå. TISA byggjer på WTO sin tenesteavtale, som Noreg har levd godt med sidan 1995. Norge har omfattande plikter til å gje ikkje-diskriminerande marknadstilgang etter WTO-avtalen. Dette er ikkje tilfelle i mange andre land, sjølv i sektorar der land praktiserer frihandel med tenester. Dette ynskjer ein å rette opp gjennom ein TISA-avtale.

TISA regulerer ikkje privatisering, og Noreg sine posisjonar er baserte på at f.eks. såkalla "rekommunalisering" kan gjerast i same grad som WTO-pliktene våre opnar for. Noreg har i sitt tilbud ikkje opna opp for marknader knytte til sjukehusenester, offentleg utdanning, sosiale velferdstenester og andre tenestesektorar der ein ynskjer å oppretthalde politisk handlingsrom. Det er det heller ikkje hensikta å gjere. Det er ingenting som tilseier at det blir aktuelt i TISA-forhandlingane.

Dette betyr at det framleis vil vere opp til norske myndigheiter å tillate utanlandske tenestetilbydarar å operere på den norske marknaden. Det blir ikkje endra av nokon av bestemmelsane i TISA. TISA berører heller ikkje muligheita til å regulere forhold som forbrukarvern, helse, tryggleik og miljø eller arbeidstakarrettar."

Tom Skauge sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkesting meiner at det ikkje er behov for ytterlegare privatisering og deregulering av tenestesektoren, og ber Regjeringa seie nei takk til TISA. Dersom det skulle bli ein eventuell internasjonal avtale, må den ikkje omfatte offentlege tenester.

Hordaland fylkesting meiner det er viktig at alle uklarheiter i avtalen som kan opne for privatisering av offentleg sektor må bort. Helse, utdanning og alle dei sektorane og undersektorane som i vårt land i hovudsak er offentlege, må bli spesifisert som unntak i ein eventuell avtale om tenestehandel.

Hordaland fylkesting meiner at Noreg ikkje må stille krav til utviklingsland om å opne seg for utanlandsk konkurranse på viktige tenesteområder, som for eksempel utdanning, helse og energi. Utviklingsland må kunne sikre befolkninga sine grunnleggande tenester, verne om lokalt næringsliv og føre ein aktiv sysselsettingspolitikk."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

37 av representantane (H, Frp, V, Sp, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

Tom Skauge hadde sendt slik interpellasjon (3) til fylkesordføraren:

"Statlig reguleringsplan gir mindre lokaldemokrati

Fleire parti gjekk i valkampen til val for å gje meir desentralisert makt. Unntaket var store vegprosjekt som skulle gå som statlig reguleringsplan. Dette skulle gi raskare saksbehandling ved å redusere muligheitene for lokale motsegner. No kan det sjå ut som om rammene for statlig reguleringsplan er uklare og ikkje ferdige. I brev til Hordaland fylkeskommune datert 13.01.2015 beklagar samferdselsministeren at arbeidet med E39 tar tid. I brevet skriv han:

"Det blir vurdert å utarbeide rutinar for beslutning om og utarbeiding av statleg plan. Foreløpig er det avklart at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal godkjenne både planprogrammet og sjølve planen gjeldane E39 Stord – Os."

Det kan vere grunn til uro over at Regjeringa sitt val av statleg plan for mest mogleg hurtig bygging av ferjefri E39 manglar gode saksbehandlingsreglar som skal sikre at omsynet til kulturminne, miljø og andre lokale interesser blir ivaretatt.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- a. Er fylkesordføraren uroa over at "rutinar for beslutning om og utarbeiding av statleg plan" ikkje er på plass?
- b. Korleis ser fylkesordføraren for seg at omsynet til kulturminne, miljø og andre lokale interesser blir ivaretatt i like stor grad som i dagens ordning for lokal deltaking i planarbeidet?
- c. Etter brevet frå ministeren – er fylkesordføraren viss på at eit nytt planregime vil gje raskare planhandsaming?"

Fylkesordføraren svarte slik:

Svar på spørsmål a):

Statleg plan er heimla i plan- og bygningslova kap. 3 om oppgåver og myndigheit i planlegginga og i kap. 6 om statlege planretningslinjer og planvedtak. Til lova er det utarbeidd ein lovkommentar som byggjer på forarbeidet. Kommentaren ligg på regjeringa.no sine nettsider, og er ei rettleiing i forståing og praktisering av lova. Desse er å sjå på som gjeldande rutinar for avgjerd om og utarbeiding av statleg plan.

Lovteksten i § 3-7 Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet seier at

"Etter nærmere avtale mellom partene kan statlig eller regional myndighet helt eller delvis overta de oppgavene planadministrasjonen i kommunen og regional planmyndighet har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag.

Oppnås ikke enighet mellom vedkommende myndighet og kommunen eller regional planmyndighet om organisering av planarbeidet, treffer departementet avgjørelsen.

Myndigheter med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan etter samråd med planmyndigheten utarbeide og fremme forslag til arealplan for slike tiltak og beslutte å legge slike planer ut til offentlig ettersyn etter bestemmelsene for vedkommende plantype. Gjeldende kommunale eller regionale planstrategier skal vurderes i forbindelse med planarbeidet.

For planleggingen gjelder for øvrig de vanlige regler om behandling og rettsvirkning av vedkommende plantype."

Svar på spørsmål b):

Bruk av statleg arealplan er ei unntaksordning i forhold til det ordinære plansystemet, men plan- og bygningslova sine vanlege reglar om behandling og rettsverknad gjeld også for statleg plan. Planbehandlinga skal leggjast opp slik at dei vanlege krava til offentlegheit, lokal medverknad og så vidare vert oppfylt. Statleg plan skal følgje behandlingsreglar for kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, men det er departementet som er vedtaksorganet og ikkje kommunen. Det er ikkje adgang til motsegn til eit statleg planvedtak.

Svar på spørsmål c):

Plan- og bygningslova sine føresegner om statleg plan legg ikkje eksplisitt raskare planhandsaming til grunn. Ifølgje lovkommentaren skal staten kunne bruke dette verkemiddelet når viktige statlege eller regionale utbyggings-, anleggs- eller vernetiltak gjer det nødvendig, eller når andre samfunnsmessige omsyn tilseier det.

Grunngjevinga for statleg plan i eksisterande lovverk er at statleg plan vil vere særleg aktuelt ved planlegging av store utbyggingstiltak der spørsmålet om lokalisering er uavklart og der lokalisering i fleire kommunar kan vere aktuelt. I slike tilfelle må ein kunne rekne med at ein

samla planprosess vil kunne medføre tidsbesparing. Ressurstilgangen kan også vere eit moment, men det er ikkje nemnt i lovverket."

Tom Skauge sette fram slikt forslag

"På bakgrunn av brevet frå ministeren ber Hordaland fylkesting administrasjonen leggje fram sak om at

1. Planarbeidet for E39 vert gjennomført med ordinær planbehandling med muligheit for lokale motsegner.
2. Dersom HFK ikkje får støtte for å bruke ordinær planprosess, ynskjer tinget at planarbeidet for ferjefri E39 vert utsett til "rutinar for beslutning om og utarbeiding av statleg plan" er på plass."

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Skauge sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Tom Sverre Tomren hadde sendt slik interpellasjon (4) til fylkesordføraren:

"Grøn omstilling i olje og gass

Ideas2 Evidence har nyleg kome med ein rapport og analyse av den største næringsklynga i Hordaland ; den såkalla Energiklynga. Rapporten visar at det var nesten 33.000 tilsette i energiklynga i Hordaland i 2013, fordelt på 1.454 føretak, med ein omsetnad på 201 milliardar kroner. Verdiskapinga var på 38 milliardar kroner. Driftsresultatet var i overkant av 16 milliardar kroner og årsresultatet på vel 13,5 milliardar kroner.

www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Hordaland-avhengig-av-oljeprisen/

I rapporten har ein sett på utviklinga i klynga i perioden 2008-2013. Der kjem det tydeleg fram at det er høg samvariasjon mellom oljeprisen og resultatata for klynga i Hordaland. Rapporten viser at industrien i Bergensregionen og i Hordaland er svært avhengig av energiklynga, som igjen er svært avhengig av dei varierende oljeprisane. Når vi no går inn i en periode med vedvarande låge oljepriser, viser undersøkinga til at dette kan få store konsekvensar for utviklinga av næringslivet i fylket.

Rapporten viser at energiklynga er sårbar på grunn av den ein-sidede satsinga på næringer knytt til olje og gass. Sidan 2011 har vi i MDG peika på at einsrettinga mot olje og gass gjer næringslivet på fastlandet sårbar.

For å sikre arbeidsplassane i energisektoren i Hordaland, meiner vi det er heilt naudsynt å divergere verksemda. Vi må starte med å dreie satsinga i energiklynga frå olje- og gassproduksjon, til brei satsing på nyskapande utvikling, FoU-miljø og produksjon av alternative og fornybare energiformer.

Ei anna og meir overordna faktor som gjer det er naudsynt for energinæringa å starte ei omstilling mot grønare energisatsing, er klimautfordringane. På sist fylkesting kom det fram at Hordaland er klimaversting i Noreg, og storparten av den uønskte veksten i Co2-utsleppa kjem frå olje- og gassindustrien. Denne utviklinga kan ikkje fortsetja. Om vi skal nå målet vårt med 5 % reduksjon i klimagassutsleppa kvart år dei neste fem åra, må energiklynga omstillas og bidra aktivt.

Det er ein samanheng mellom klimagassutsleppa og framtidias olje- og gassprisar. Til hausten siktar verdas nasjonar på å få på plass ein bindande avtale for å få ned dei globale CO2 utsleppa.

Dei globale oljekonjunkturane, klimaomsynet og omsynet til framtidias arbeidsplassar tilseier at energiklynga må utfordrast til å satse på grøn industri. Framtida ligg ikkje i olje og gass, men i ei brei satsing på bio-energi, vindkraft, bølgekraft, ENØK-tiltak, auka matproduksjon og andre miljøvenlege og berekraftige løysingar.

Spørsmål til fylkesordføraren frå MDG Hordaland:

1. Deler fylkesordføreren oppfatninga at næringslivet i Hordaland, representert ved energiklynga, er sårbar på grunn av einssidig tilknytning til olje- og gassproduksjon? Korleis vurderer han denne sårbarheita sett i lys av vedtatt Regional næringsplan for Hordaland, Handlingsprogrammet for Næringsplanen (HNH) sine tre hovudstrategiar, og ikkje minst vedtatt Klimaplan?
2. Korleis meiner fylkesordføreren at Hordaland fylkeskommune, som både styringsaktør og støttespelar, kan stimulere til at energiklynga og næringslivet i Hordaland får større innslag av aktørar som satsar på grøn- og fornybarenergi?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Samla svar for begge spørsmåla:

Ja, det er riktig at einssidig fokus på enkeltsektorar gjer oss sårbare. Når det er sagt, vil olje- og gassnæringa i Hordaland i mange år framover ha ein sentral posisjon både nasjonalt og internasjonalt. Kontraktane som nyleg er signerte for utbygginga av Johan Sverdrup er gode eksempel på det.

Utviklinga og dynamikken i denne bransjen gjer det akkurat no nødvendig med omstillingar som kan virke dramatiske. Eg er likevel overtydd om at vårt fylke, også i åra som kjem, vil ha ei robust energinæring med høg kompetanse og verdiskaping.

Hordaland fylkeskommune har difor sett i gang fleire omstillingsprosesser og tiltak med utgangspunkt i eit senario der oljeinntektene i eit lengre tidsperspektiv blir tona ned i økonomien vår. Dette er konkretisert både i regional næringsplan, regional klimaplan og dei årlege handlingsprogramma.

I handlingsprogrammet (HNH) som er knytt opp til den regionale næringsplanen, er det i 2015 sett av to millionar kroner som er øyremerkte til klimatiltak. I 2014 vart eit tilsvarende beløp disponert til klimarettt næringsprosjekt i byggebransjen, og eit bedriftssamarbeid for å oppnå klimagassreduksjonar i næringslivet. I HNH er det også lagt inn som overordna føring at tiltak som skal støttast må vere berekraftige både når det gjeld miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Reint konkret gjev dette utslag i at det innan energiområdet skal vera auka fokus på miljøvennlige og energieffektive løysingar. Når det gjeld maritime næringar, vert det også arbeid for at Hordaland skal bli eit føregangsfylke internasjonalt innan "clean shipping" gjennom målretta miljøtiltak. Dette arbeidet har halde på i fleire år, og resultatata har fått mykje positiv merksemd både nasjonalt og internasjonalt.

Tiltaka knytt til den regionale næringsplanen er godt forankra i den regionale klimaplanen som vart vedtatt i 2014. Her er energi eit eige strategisk satsingsområde. Mellom anna skal kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet styrkjast, og det er eit mål at verkemidla gradvis skal gje betre vilkår for fornybar energi, som solenergi, offshore vindkraft, geotermisk energi og bølge/tidevasskraft. Fylkeskommunen disponerer i den samanhengen viktige verktøy som VRI (Virkemidler for regional FoU og innovasjon) og Regionale Forskingsfond, der målet er betre samhandling mellom forskingsinstitusjonane og bedriftene i regionen. Som eigar av vidaregåande skular og planmyndigheit har fylkeskommunen også indirekte midlar som på sikt kan påverke næringsstruktur gjennom utdanning, areal og transportprioriteringar.

Energienæringane, og ikkje minst dei tilhøyrande leverandørnæringane, har mange av svara for å utvikle nye berekraftige næringar. Vi ønskjer derfor klart å stimulere til bransjeoverskridande innovasjon. Eit døme er å styrke marin sektor ved å ta i bruk offshore- og subseateknologi for å utvikle berekraftige lukka eller havgåande oppdrettssystem. Eit anna døme er forslag om å nytte ny ledig kompetanse frå petroleumssektoren inn i utviklingsarbeid. Her er det konkrete initiativ frå Polytech, Høgskulen i Bergen og UiB. Det er også eigne VRI-prosjekt som arbeider spesifikt med å kople energibransjen til andre bransjar for å oppnå meir variert næringsstruktur og innovasjon.

Fylkeskommunen kjem til å følgje utviklinga på desse områda nøye framover, og fortsatt bidra til at berekraft, klima og miljø vert viktige premisser for verkemiddelbruken. Samtidig er ansvaret i stor grad industriens eige. Dei viktigaste avgjerdene vert tekne i bedrifta."

Natalie Golis hadde sendt slik interpellasjon (5) til fylkesordføreren:

"Behovet for ein heilskapleg oppdatert miljøstrategi i Skyss

Under handsaminga av klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vedtok fylkestinget 11.6.2014 at "klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland" og at "innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd er nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi". 1)

Gjennom innstilling 147 S (2014–2015) frå energi- og miljøkomiteen på Stortinget den 29.01.2015

kjem det fram at det fleirtal på Stortinget for at:

- "Stortinget ber regjeringen endre regelverket for offentlige anskaffelser slik at det på alle fergestrekninger som settes ut på offentlig anbud, stilles krav om 0-utslippsteknologi der dette er teknisk mulig. Dersom det ikke er mulig, skal det stilles konkrete energi- og utslippskrav.
- Stortinget ber regjeringen endre regelverket for offentlige anskaffelser slik at det på alle kollektivanbud stilles krav om 0-utslippsteknologi der dette er teknisk mulig. Dersom det ikke er mulig skal det stilles konkrete energi- og utslippskrav." 2)

Kollektivselskapet Ruter i Oslo og Akershus har ein offensiv miljøstrategi. Målet er at i 2020 skal

Ruter berre nytte fornybar energi til framføring av alle transportmiddel. Dei har laga ein konkret plan for korleis dei skal nå dette målet; den heter "Ruters Miljøstrategi 2014-2020". 3)

Skyss sin miljøstrategi vart vedteken i fylkesutvalet i 2013. Både det 4) nye fylkestingsvedtaket om fornybar energi i kollektivsektoren innan 2025 og dei nasjonale signala om innskjerping av miljøkrava til kollektivsektoren tydar at det grønne skiftet i kollektivsektoren vil måtte skje i dei neste ti åra.

Dette gjer at det allereie er trong for ei konkret oppdatering av Skyss sin miljøstrategi. Strategien

må oppdaterast i samsvar med det skjerpa målet for 2025 som fylkestinget har vedteke. Den må

innehalde ein konkret plan for korleis dette målet skal realiserast både teknisk og ikkje minst økonomisk for all busstransport, ferjer og snøggbåtar, til dømes slik Ruter har gjort for busstransporten i Oslo og Akershus. Bybanen og trolleybussen si rolle i strategien må også klargjerast. Det er etter vår meining naudsynt at denne strategien blir klargjort og lagt fram til behandling snarast, og helst innan 2015 for å kunne vere ein offensiv og bindande strategi. Hordaland må vera eit føregangsfylke på dette grønne skiftet innan kollektivtransport.

Spørsmål:

1. Vil fylkesordføraren snarleg ta initiativ til å påleggje Skyss å utarbeide ein revidert og konkretisert miljøstrategi for både kortsiktige og langsiktige mål, i samsvar med fylkestingsvedtaket om at kollektivtransporten i Hordaland berre skal nytte fornybar energi i 2025, så langt råd er?
2. Om ikkje, kan fylkesordføraren på anna vis initiere ein slikt prosess, særleg med tanke på ferjer og snøggbåtar i fylket, slik at fylkestinget har høve å fylgje opp sine eigne vedtekne klimamål?

1) <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/ShowUtvalgBehandlingDocument/1580/Protokoll>

2) <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2014-2015/inns-201415-147/1/>

3) https://ruter.no/Documents/Rapporter-dokumenter/Ruterrapporter/2014/4-2014_Ruters_Milj%C3%B8strategi_2014-2020_ver030914.pdf

4) http://polsak.ivest.no/polsak_filer/2013/FUV/2013058923-930407.PDF "

Fylkesordføraren svarte slik:

Om Miljøstrategi for Skyss

Miljøstrategi for Skyss vart vedteke av fylkesutvalet i 2013. Hovudpunkta i strategien er kort oppsummert desse:

- Miljøstrategien slår fast at kollektivtrafikken sitt viktigaste bidrag til klimamåla er å ta veksten i personbiltransporten, saman med gange og sykkel. Dette er i tråd med strategiar hjå til dømes Ruter i Oslo og Akershus. Gjennom ei satsing på betre kollektivtransport vil ein endre transportmiddelfordelinga i Bergensområdet, og få stadig fleire til å setje frå seg privatbilen. Dette har ein lukkast med dei siste åra, og ein ser no eit trendbrot. Ei stor utfordring for fylkeskommunen for å kunne utvikle kollektivtrafikken vidare, er å sikre tilstrekkeleg midlar til drift.
- Bybanen vert bygt ut til å vere ryggraden i kollektivsystemet i Bergen. Med elektrisitet som energiform har ikkje Bybanen korkje lokale eller globale utslepp. Nye banestrekningar til Flesland, og sidan til Fyllingsdalen, vil vere store løft for kollektivtrafikken.
- Nesten 90 % av alle reisande med kollektivtrafikken reiser i Bergensområdet. For bussane i dette området er berekraftig framdriftsteknologi vegen å gå. I praksis er det i samband med nye anbod ein kan gjere større grep med bussparken.
 - I førebuingane for nye anbod i Bergensområdet vil det bli gjort utgreiingar for å få fram moglegheitene for å ta i bruk elektrisitet som framdriftsteknologi. Slike utgreiingar og teknologival er "ferskvare", og bør gjerast så tett opp til nye anbod som mogleg. Skyss testar også no ut ny hybridteknologi.
 - Fylkesutvalet vedtok i 2014 å oppretthalde trolleybussen i Bergen. Utgreiingar knytt til moglege utvidingar av trolleydrifta vil også bli gjort i forkant av desse anboda, og sett i samanheng med utgreiingane nemnd over.
 - Miljøstrategien peiker også på at satsing på biogass er ei god løysing på kortare sikt, og ein er i gang med å etablere eit samarbeid med Bergen kommune om bruk av biogass frå kommunen sitt nye anlegg i Rådalen.

Miljøstrategien for Skyss strir ikkje mot vedtekne mål i klimaplanen, og legg opp til at ein, så langt som råd er, skal nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi.

Fylkeskommunen sitt planverk for kollektivområdet

Miljøstrategien er ein del av Kollektivstrategi for Hordaland som vart vedteke i fylkestinget i juni 2014. Kollektivstrategien, og dermed miljøstrategien, blir følgt opp gjennom eit fireårleg handlingsprogram. Det første Handlingsprogram kollektiv (2015-2018) blir lagt fram for fylkestinget no. Handlingsprogrammet vil bli rullert årleg.

Handlingsprogram kollektiv viser heilskapen i fylket si kollektivsatsing; korleis ein vil arbeide med å utvikle rutetilbodet, gjere det enklare å reise kollektivt med betre informasjon og salskanalar, og tilrettelegge veg, haldeplassar og knutepunkt for kollektivtrafikken. Handlingsprogrammet viser også kva konkrete prosessar som er sette i gang og planlagt for å redusere utsleppa frå kollektivtrafikken og å bidra til vedtekne klimamål.

Til spørsmålet om ein bør setje i gang eit særskilt arbeid i høve ferje og snøggbåt:

I miljøstrategien til Skyss er det uttalt at ein vil redusere utslepp frå ferjer og båtar gjennom fornying av materiell.

Fylkesutvalet handsama 29.01.2015 sak om strategiske vegval for neste generasjons ferjekontraktar. Fylkesrådmannen uttalte følgjande i saksframlegget:

"Klimaplanen for Hordaland legg opp til at utsleppa av klimagassar skal reduserast med 5,3 % årleg frem til 2020 og med 2,9 % årleg i perioden 2020-2030. Dei 20 ferjene som trafikkerer Hordaland i dag har eit ikkje ubetydeleg utslepp av klimagassar. Utvikling av ny teknologi dei seinare åra gjer det mogleg med vesentlege reduksjonar på dette området. Etter fylkesrådmannen si vurdering må også dette vere fylkeskommunen sin klare ambisjon."

Fylkesutvalet vedtok i denne saka mellom anna følgjande:

"Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk. Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi."

Andre generasjons snøggbåtkontraktar hadde driftsoppstart i 2014 og flesteparten av desse kontraktane har ein kontraktperiode på minimum 10 år. Kontrakten for båtsambandet mellom Askøy og Bergen har vesentleg kortare kontraktperiode og er under planlegging som pilotprosjekt for miljøvenleg framdriftsteknologi. Når utbygginga av Kleppestø sentrum er gjennomført, vil det bli gjennomført anbodskonkurranse som legg til rette for elektrisk drift på dette sambandet.

Etter fylkesordføraren sitt syn er det konsistens mellom Klimaplan, Miljøstrategi for Skyss og politiske vedtak i seinare tid, knytt til kollektivtransport både på sjøsida og landsida. Eg ser derfor ikkje at det ligg føre behov for å oppdatere Skyss sin miljøstrategi.

Eg legg til grunn at Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram, er reiskapen for planlegging av miljøtiltak for kollektivtrafikken framover."

Natalie Golis sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber Skyss leggje fram ein revidert og konkretisert miljøstrategi for både kortsiktige og langsiktige mål i samsvar med vedtekne planar, for å oppnå vedtekne miljø- og klimamål innan 2015."

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Golis sitt forslag fekk 23 røyster (MDG, SV, Sp, A) og fall.

SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt slike spørsmål (1) til fylkesordføraren:

"Vedkomande sikring av Askøybrua og sak om overvaking

I media kan ein lesa at Askøyfolket igjen har teke til med vakthald for å hindra sjølv mord. Ein person er meldt sakna. Politiet har ikkje rykt ut ved naudmelding.

Viser til tidlegare spørsmål og svar i saka under. I svaret går det fram at utgreiing om fysisk sikring skal liggja føre i 2014/15.

1. Kor langt er prosessen komen og når kan ein venta seg denne utgreiinga førelagt politisk handsaming?
2. I media les eg at kameraovervaking er på plass, men at den ikkje er teke i bruk? Er dette rett at politiet ikkje har teke i bruk utstyret for kameraovervaking?
3. Kva kan fylkesordføraren i så fall gjera med dette?

Vedlegg: tidlegare korespondanse:

Viser til spørsmål og svar vedkomande sikring av Askøybrua og ber om utdjuing i høve til korleis punktet om utgreiing av fysisk sikring i vedtak 12/13 skal forståast.

Askøybrua Kva er status i vedtak 12/13 om Askøybrua, vakt, sikring, kameraovervaking?"

Fylkesordføraren hadde utarbeidd slikt svar:

"Vedtaket i fylkesutvalet 31.01.13: "Fylkesutvalet viser til "Utredning om kameraovervaking av Askøybrua" og vedtek å implementera IR detektorar kombinert med videoovervaking på Askøybrua så snart som mogleg, for å hindra sjølv mord. Det vert lagt opp til å evaluera tiltaket innan 2 år, før det eventuelt vert vurdert å iverksetja andre tiltak.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med ei utgreiing om fysisk sikring av Askøybrua.

Det skal straks setjast opp informasjonsplakatar og -materiell tilgjengeleg og synleg ved bruportalane og/eller inngangen til brua med informasjon om hjelpetelefon og andre tilbod som vert gjevne i regi av frivillige organisasjonar.

Vakthaldet ved brua vert oppretthalde inntil vidare."

Frå Statens vegvesen har me fått opplyst at informasjonsskilt med materiell om kontakt-telefon m.m. er montert ved bruportalane. Det er vidare sendt søknad om konsesjon for videoovervaking til Datatilsynet. Det er utarbeidd konkurransegrunnlag for videoover-vakingssystem, men ein vil avventa utsending av dette til konsesjonssøknaden er innvilga. Videoovervakingssystemet vil truleg vera ferdig installert våren 2014."

Svar:

Under handsaminga av sak 12/13, 31.1.2013, sette Terje Søviknes på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med ei utgreiing av fysisk sikring av Askøybrua."

Forslaget vart samrøystes vedteke. Etablering av fysisk sikring på Askøybrua handlar i praksis om å setja opp høgare rekkverk. Askøybrua er ei relativt slank hengebru der ein må vera heilt sikker på at ei endring av rekkverk ikkje fører til uønska effektar med tanke på tryggleiken på brua i vind. For å utgreia montering av høgare rekkverk må Statens vegvesen først kontrahera byggeteknisk konsulent for å finne alternative utformingar av rekkverk på begge sider av brua inklusive viaduktar. Når dette er utført må ein kontrahere vindteknisk konsulent og gjennomføre vindtunnelforsøk med eitt eller fleire av dei aktuelle rekkverksalternativa. Når dette er utført vil ein kunna gje svar på om det er mogleg å montera eit høgt rekkverk, og i så fall kva rekkverkstype som ein skal tilrå, med tilhøyrande kostnadsoverslag.

Ein må i dette arbeidet også så langt råd er ta omsyn til at brua kan bli utvida ved at det vert montert ny gangbane på utsida av eksisterande bru. Statens vegvesen reknar med at ei slik utgreiing vil ta omtrent eit år, og ha ei kostnadsramme på 2 mill. kroner. Byggetida for nytt rekkverk, inklusive detaljprosjektering, anskaffing, produksjon av rekkverk og montering vil vera om lag eitt år, litt avhengig av kva løysing ein eventuelt vel. Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet 25.9.2013, i melding 208/13, at han legg opp til å setja av midlar til dette utgreiingsarbeidet i "Plan- og byggeprogram 2014. Fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen)". Utgreiinga om fysisk sikring bør då kunna liggja føre i 2014/2015."

Fylkesordføraren svarte slik:

"Svar på spørsmål 1:

Ifølgje Statens vegvesen skal teknisk utgreiing om fysisk sikring på Askøybrua leggjast fram i løpet av ein månads tid.

Når utgreiinga er klar, vil eg be om at fylkesrådmannen legg fram eiga sak om fysisk sikring av Askøybrua, der det må vurderast om tiltaket skal prioriterast og gjennomførast.

Svar på spørsmål 2:

Frå og med 01.01.2015 vart det nye alarmsystemet operativt. Dette er eit videoovervakingssystem der brot på infraraude strålar utløyser ein alarm direkte til politiets operasjonssentral.

Hordaland politidistrikt har stadfesta opplysningar i media, der det kjem fram at alarmeren er utløyst meir enn 1 600 gonger etter at systemet vart operativt. Med dette omfanget av feilmeldingar og falske alarmer vart alarmlyden til politiets operasjonssentral deaktivert. Tidsrommet for når alarmsystemet har vore deaktivert, har fylkeskommunen førebels ikkje fått stadfesta av Hordaland politidistrikt.

Svar på spørsmål 3:

Fylkesordføraren er kjend med at Hordaland politidistrikt har teke kontakt med Statens vegvesen for å avklare korleis alarmsystemet kan forberast for å unngå feilmeldingar og falske alarmer.

I tillegg vil eg sjølv i løpet av kort tid invitere Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen for å bli direkte orientert om status for den operative drifta av alarmsystemet."

Tom Skauge hadde sendt slike spørsmål (2) til fylkesordføraren:

"Miljømodell for ny anbudsrunde for ferjesamband

Fylkesutvalet vedtok i møte 29.1.15 at ferjeflåten i neste generasjon kontraktar vert fornya og at ferjedrifta skal bli meir driftssikker og miljøvenleg. Fylkesutvalet føreset at:

a) Ein miljømodell vert lagt til grunn, med krav om lågutslepp. Nullutsleppsteknologi vert førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk.

Men det viktige prinsippvedtaket fekk eit tillegg som kan utvatne det viktige valet for miljøretning: *"Modellen må likevel tilpassast forventningar om statleg tilskot, utvikling i kostnadsnivå og teknologi."*

Spørsmål til fylkesordføraren:

- a. Kva kontaktar har fylkesordførar tatt for å avklare alle atterhalda i vedtaket: Med Storting, som har gjort eit viktig prinsippvedtak, - med Regjering, - verkemiddelapparatet for innovasjon og med den viktige Clean Tech-næringa vi har på Vestlandet?
- b. Er det grunnlag for stor pessimisme om kostnad for investering og drift basert på erfaringane som ein no får med drift den elektriske ferja over Sognefjorden?
- c. Etersom vedtaket om miljøstrategi er så ope: Vil fylkesordføraren sikre at vidare kunnskap og planar for iverksetting av strategien vert handsama på demokratisk vis i dei politiske organa i HFK?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Det er for tidleg i prosessen for fylkesordføraren å gje konkret svar på dette spørsmålet. Vedtaket blei gjort 29. januar i år. Det vi *har* gjort, er å møte regjeringspartias finansfraksjonar og har løfta problemstillinga rundt finansieringa av ferjer i framtida til dei. Både eg og administrasjonen vil i tida som kjem og i arbeidet med dei nye anboda for fylkesvegferjene ha kontakt med regjering og storting for å fremje Hordalands interesser og behov når det gjeld finansieringa av og dei teknologiske løysingane for ferjedrifta. Stortinget gjorde vedtak om å ta i bruk lav- og nullutsleppsteknologi på riksvegferjer i desember 2014. Foreløpig har ikkje Stortinget gjort vedtak om fylkesvegferjene, og vi står dermed noko friare lokalt til å nytta den mest høvelege teknologien og det fylkestinget vedtar for våre eigne ferjer.

Refererer seg til vedtak i sak 5/2015 Nye ferjeanbod Hordaland – strategiske vegval
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/3216>

Spørsmål B:

Batteriferja Ampere er nyleg sett inn på sambandet Oppedal-Lavik og er no i ein innkøyringsperiode der om lag ein tredjedel av avgangane vil utgå som følgje av kun ein operativ ladestasjon. Det er såleis for tidleg å seie noko om erfaringar frå drifta av denne ferja.

Spørsmål C:

I fylkesutvalet sitt vedtak er det lagt til grunn at samferdsleutvalet og fylkesutvalet skal gjevast løypemeldingar undervegs i arbeidet med å utarbeide anbudsgrunnlag."

Sveinung Valle hadde sendt slike spørsmål (3) til fylkesordføraren:

"Trafikksituasjonen ved Kirkevoll skule

Viser til oppslag i Fanaposten 24. og 27. februar 2015 om sikring av skuleveg, Kirkevoll skule.

Alle er nøgde med at det snart vert oppstart av arbeidet med E39 – Sveгатjörn-Rådalsparsellen.

Ved Kirkevoll skule er det planlagt ein gangtunnel, for å sikra elevar og andre trygg kryssing av hovudvegen.

Statens Vegvesen, som er byggherre, planlegg å starta opp steinkjøring lenge før den planlagde gangtunnellen er på plass. Til hausten skal 300 lastebilar per dag passera skulen mellom Hamre og Hordnesskogen. I tre år framover skal til saman 1 mill. kubikk stein transporterast forbi skulen.

Arbeiderpartiet deler FAU ved skulen sitt syn på at dette må vere feil rekkefølge når borna sin tryggleik skal koma først.

Reguleringsplanen for området er ute på høyring med frist 14.april 2015.

Spørsmål:

Vil fylkesordføraren ta initiativ overfor Bergen Kommune for å få til ei rask handsaming, slik at planen når bystyrehandsaming i juni d.å.?

Statens Vegvesen er byggherre.

Spørsmål:

Vil fylkesordføraren ta initiativ overfor Statens Vegvesen slik at handsaming av merknader til reguleringsplanen får høgast prioritet?

Og: Vil fylkesordføraren syte for at politiske organ i fylkeskommunen får ei sak på problemstillinga med sikte på å få gangtunnell ved Kirkevoll skule på plass før anleggsstart?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Trafikksikringstiltak retta mot mjuke trafikantar er eit viktig satsingsområde i nasjonale, fylkeskommunale og kommunale trafikksikringsplanar. I Bergensprogrammet er det for perioden 2014-2017 sett av 120 mill. kroner til trafikksikringstiltak. Innanfor dette er ulike tiltakstypar prioritert, og når det gjeld tiltak mot fotgjengarulukker, er det sett av 37,5 mill. kroner for fireårsperioden.

Gangtunnelen inkludert rundkøyning ved Kirkevoll skule (Fv 546) er i utgangspunktet eit lokalt trafikksikrings- og framkomsttiltak under programområde trafikksikkerheit. Dette tiltaket er sett opp i slutten av perioden, og for dette tiltaket er det sett av 13 mill. kroner som oppstartskostnader i 2017. Den totale kostnaden er vesentleg høgare, anslagsvis ca. 50-60 mill. kr, og tiltaket er pr. i dag ikkje fullfinansiert.

For å kunne framskunde gjennomføringa av dette tiltaket, avheng det i fyrste rekke av at reguleringsplanen vert godkjent, og at nødvendig finansiering kan komme på plass.

Det er Bergen kommune som er planmynde i denne saka, men frå Statens vegvesen si side vert det opplyst at Statens vegvesen vil handsame innkomne merknader så snart som mogleg.

Det vil verte vurdert å arbeide for å få ned omfanget av prosjektet."

John Torsvik hadde sendt slike spørsmål (4) til fylkesordføraren:

"E-39 Romarheimsdalen har sidan 1. mars vore stengd pga. ras. Omkøyning som er blitt varsla via media og vegtrafikksentralen har vore E-16 og indre Sogn, deretter også via FV-57 med ferje Leirvåg – Sløvåg. Det finst 2 omkøyringsalternativ lokalt hhv. FV-379 Kringla – Duesund alternativt FV-570 til Sløvåg eller med kabelferje på FV-570 via Masfjordnes til E-39 ved

Andås. Eit lengre alternativ er via Brekke og FV-57 gjennom Gulen. Det tok lang tid før omkøyringsalternativa var merka.

Når det vart vanskelege kjøreforhold i låglandet tysdag 3. mars, fekk også omkøyringsvegane utfordringar med kapasiteten på møteplassar.

Ferja "Bjørnefjord" i sambandet Leirvåg – Sløvåg har hatt mange stopp skulda manglande motorkapasitet til å anløpe Sløvåg ferjekai i dårleg vær. Dette inntraff også natt til søndag 8. mars då denne ferjestrekninga var kunngjort som omkøyringsvei med avgangar kvar time. Dårleg varsling i Knarvik om ferje innstillingar i sambandet Leirvåg – Sløvåg gjer at mange først får denne informasjonen når ein kjem til Leirvåg, og får forlenga omkøyringa med 1 - 2 timar.

1. Korleis løyser fylkeskommunen og Statens Vegvesen omkøyringskapasiteten på europavegen E-39 mellom Sognefjorden og Knarvik når vegen vert stengd, som t.d. ved ras, tunnellstengingar eller andre trafikale hendingar?
2. Kva tiltak har fylkeskommunen og Skyss for å betre regulariteten på ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Etter å ha innhenta opplysningar i saka frå Statens vegvesen og Skyss, kan fylkesordføraren opplysa fylgjande.

Omskilting

Entreprenøren skilta omkøyringsvegane same kvelden som ulukka skjedde. Dei fekk skilta på plass så raskt det let seg gjere. Vegtrafikksentralen vart varsla straks og var oppdatert på omkøyringsrutene.

Kapasitet på omkøyringsruter

Statens vegvesen og ordførar i Masfjorden kommune vil ha ei synfaring denne veka for å sjå på muligheita til å leggje til rette for nye møteplassar og utbetring av siktforhold på strekninga Kringla-Andås. Finansiering av eventuelle tiltak må ein vurdere seinare. For tida blir det også gjennomført strekningsvise utgreiingar på Fv 570 og Fv 57, der tiltak vi inngå i HFK sitt arbeid med regional transportplan.

Ferjekapasiteten

I spørsmålet vert det hevda at ferja MF Bjørnefjord som trafikkerer sambandet Leirvåg-Sløvåg har hatt mange stopp skulda manglande motorkapasitet til å anløpe Sløvåg ferjekai i dårleg vær. Etter Skyss si vurdering er MF Bjørnefjord ei eigna ferje for dette sambandet og ikkje dårleg utrusta med tanke på motorkapasitet. Det aktuelle ferjesambandet er likevel verutsett, og det må påreknast at turar vert innstilte som følgje av uver. Avslutningsvis må det nemnast at det er operatør og ferjekaptein som sit med ansvaret for tryggleiken om bord på ferjene og som i det einskilde tilfellet må vurdere om det er forsvarleg å gjennomføra ein tur i høve dei rådande verforholda.

I stengingsperioden er det sett inn ekstra kapasitet på ferjestrekninga Leirvåg-Sløvåg, der ferjetidene er utvida med avgangar kvar time heile natta. Avgangane på kabelferja mellom Duesund-Masfjordnes er også utvida, med avgangar etter behov."

PS 3/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Vedtak

Referatsaker 1-4/15 vart tekne til orientering.

RS 1/15 Møteboka frå desembertinget 2014

RS 2/15 Seks avslutta EU-prosjekt i 2014

RS 3/15 Svar på interpellasjon - Standard på nye vegprosjekt

RS 4/15 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular – handlingsplan

PS 4/15 Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
6. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
7. Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
8. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
9. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Merete Solheim Larsen presenterte revisjonsrapport etter selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
6. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
7. Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
8. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
9. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Øyvind Hardeland gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Fastlandssamband Halsnøy AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
6. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
7. Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
8. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.

9. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 5/15 Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
5. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fylkesrådmannen syter for å:

6. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
7. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
8. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
9. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Merete Solheim Larsen presenterte revisjonsrapport etter selskapskontroll av Hardangebrua AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister

2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
5. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fylkesrådmannen syter for å:

6. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
7. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
8. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
9. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Einar Lutro gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Hardangerbrua AS. **Astrid F. Selsvold** gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i same selskap. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
2. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
3. Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
5. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fylkesrådmannen syter for å:

6. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.

7. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eignevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
8. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
9. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 6/15 Forvaltningsrevisjon innan "Prosjektstyring" - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. bidra til at Eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
 - a) rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.
 - b) rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.
 - c) retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.
 - d) systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.
 - e) rutinar for oppfølging av kontraktar.
2. etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.
3. sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet
4. etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
5. etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
6. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

Handsaming i møte

Partner Stein Ove Songstad og forvaltningsrevisor Silje Sivertsen presenterte forvaltningsrevisjonsrapport innan «Prosjektstyring» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. bidra til at Eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
 - f) rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.
 - g) rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.

- h) retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.
 - i) systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.
 - j) rutinar for oppfølging av kontraktar.
2. etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.
 3. sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet
 4. etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
 5. etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
 6. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Silje Sivertsen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Bidra til at eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
 - a) rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.
 - b) rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklistar for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.
 - c) retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.
 - d) systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.
 - e) rutinar for oppfølging av kontraktar.
2. Etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.
3. Sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet.
4. Etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
5. Etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.06.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

PS 7/15 Forvaltningsrevisjon innan "Internkontrollsystem og HMT" - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "HMT og internkontroll", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Setje i verk naudsynte tiltak i høve dei 15 tilrådingane som går fram av punkt 6 i rapporten.
2. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.12.2014

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø presenterte forvaltningsrevisjonsrapport innan «HMT og internkontroll» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Eventuell presentasjon av revisjonsrapporten i fylkestinget vert å komme tilbake til i neste møte.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "HMT og internkontroll", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Setje i verk naudsynte tiltak i høve dei 15 tilrådingane som går fram av punkt 6 i rapporten.
2. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Øyvind M. Berge frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "HMT og internkontroll", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Setje i verk naudsynte tiltak i høve dei 15 tilrådingane som går fram av punkt 6 i rapporten.
2. Lage ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 8/15 Revisjon av etiske retningslinerfor Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Utkast til revisjon av etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i Hovudarbeidsmiljøutvalet - 16.12.2014

Rune Stadsnes og Dagmar Hillestad sette fram slik forslag:
«Menneskeverd og likeverd bør nemnast i dei etiske retningslinjene.»

Innstilling

Utkast til revisjon av etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinjene.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 20.01.2015

Arbeidstakarorganisasjonane fremma slikt forslag:
Forslag til tillegg pkt 3.3
Tilsette i Hordaland fylkeskommune skal kunne ta del i samfunnsdebatten og benytte sin kompetanse i samfunnsdebatten.

Administrasjonsutvalet fremma slikt felles forslag:
Forslag til tillegg pkt 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsettes utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

Arbeidstakarorganisasjonane trakk sitt forslag.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Utkast til til revisjon av etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinjene.

Tillegg til pkt 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsettes utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Utkast til revisjon av etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinjene.

Tillegg til pkt. 3.3
Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsette si utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Kristian Helland sette fram slikt forslag:

"Omgrepa "menneskeverd" og "likeverd" vert tekne inn i "Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune."

Tom Sverre Tomren sette fram slik forslag:

"Saken utsettes i påvente av at det settes ned en bredt sammensatt arbeidsgruppe med representanter fra politisk nivå, fra administrasjonen og fra arbeidstakerorganisasjonene. Arbeidsgruppens mandat er å innarbeide samtlige etiske føringer og retningslinjer som gjelder for HFK.

Reglementet bør inneholde:

- personalpolitiske føringer, menneskeverd og innstilling
- habilitet og transperent i stillinger og verv
- innkjøpsetiske føringer
- miljøetiske føringer"

Røysting (forslaget om utsetjing)

Tomren sitt forslag fekk 10 røyster (MDG, KrF, SP) og fall.

Natalie Golis sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Det settes ned en bredt sammensatt arbeidsgruppe med representanter fra politisk nivå, fra administrasjonen og fra arbeidstakerorganisasjonene. Arbeidsgruppens mandat er å innarbeide samtlige etiske føringer og retningslinjer som gjelder for HFK.

Reglementet bør inneholde:

- personalpolitiske føringer, menneskeverd og innstilling
- habilitet og transperent i stillinger og verv
- innkjøpsetiske føringer
- miljøetiske føringer"

Kristian Helland trekte forslaget sitt.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Golis sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Utkast til revisjon av etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, med forslaget om at menneskeverd og likeverd nemnast i dei etiske retningslinjene.

Tillegg til pkt. 3.3

Lojalitetsplikta skal ikkje vere til hinder for den tilsette si utøving av sin yringsfridom, og innan sitt eige felt.

PS 9/15 Fylkeskommunen si rolle som regionalt folkevalgt forvaltingsnivå

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8.des. 2014), og anbefaler at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevalt nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sectorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell

detaljstyring. Oppgaver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalte regioner i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.

4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevalt nivå.
5. Folkevalte regionar bør få overført oppgaver frå staten innanfor følgjande områder:
 - a. Statens vegvesens regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program
 - e. Konesjonsoppgåver og veiledningsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
 - f. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggest til kommunane
 - g. Miljø/klima
 - h. Landbruk
 - i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange av desse oppgåvene er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalte regionstruktur som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgaver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalte regionale nivå må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jmfør Stortinget sine føresetningar av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert fremma våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalte nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet forutset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgaver som skal ligge til det regionale folkevalte nivå.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Inger Ulvund sette fram forslag til ny innstilling.

Hordaland Fylkeskommune går inn for ein 2-nivå modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Norge.

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP forslag til endring i pkt 5.

Endre fyrste setning *før* kulepunkta, og fyrste setning *etter* kulepunkta punkt 5:

"Folkevalgte regionar bør få oppgaver frå staten, **til dømes** innanfor følgjande områder:" og "**Mange oppgaver er** av ein slik karakter at dei føreset..."

Tom Skauge sette fram forslag om tillegg til pkt 1.

Nærleiksprinsippet skal ligge til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lavt nivå som mogeleg

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-4 og 6-10 vart samrøystes vedteke.

Inger Ulvund sitt forslag til ny innstilling fekk 2 røyster (FRP) og fall.
Alf Helge Greaker sitt forslag til endringar i pkt 5 vart samrøystes vedteke.
Tom Skauge sitt forslag til endra pkt 1 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8.des. 2014), og anbefaler at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevalt nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sectorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrker demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalte regioner i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevalt nivå.
5. Folkevalte regionar bør få overført oppgåver frå staten til dømes innanfor følgjande områder:
 - j. Statens vegvesens regionapparat/fylkesavdelingar
 - k. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - l. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - m. Delar av Forskningsrådet sine program
 - n. Konesjonsoppgåver og veiledningsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
 - o. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - p. Miljø/klima
 - q. Landbruk
 - r. Prosjektskjønnsmidlar

Mange oppgåver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalte regionstruktur som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalte regionale nivå må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetningar av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert fremma våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalte nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet forutset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalte nivå.

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Noreg»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (H, V, Krf, MDG, A) mot 2 røyster (Frp) for Johannesen sitt forslag.

Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8.des. 2014), og anbefaler at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevalt nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sectorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrker demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalte regioner i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevalt nivå.
5. Folkevalte regionar bør få overført oppgåver frå staten innanfor følgjande områder:
 - a. Statens vegvesens regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program
 - e. Konesjonsoppgåver og veiledningsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
 - f. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g. Miljø/klima
 - h. Landbruk
 - i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange av desse oppgåvene er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalte regionstruktur som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalte regionale nivå må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetningar av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert fremma våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalte nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet forutset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det

vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalte nivå.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Norge."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 1:

Nærleiksprinsippet skal liggje til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lavt nivå som mogeleg."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8. desember 2014), og tilrår at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåvene/sectorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrker demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalde regionar i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.
5. Folkevalde regionar bør få overført oppgåver frå staten til dømes innanfor følgjande område:
 - a. Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program
 - e. Konesjonsoppgåver og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
 - f. Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g. Miljø/klima
 - h. Landbruk
 - i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange oppgåver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere verksemda si slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalde regionale nivået må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetnader av juni 2014. Med dette som utgangspunkt, ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert lagt fram våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsippa som ligg i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet føreset at både fylkeskommunane og KS vert trekte aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal liggje til det regionale folkevalde nivået.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Silje Hjemdal sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå-modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Noreg."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

" Tillegg til punkt 1:
Nærleiksprinsippet skal liggje til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lavt nivå som mogeleg.

Nytt punkt:
Hordaland fylkeskommune vil ha hand om helsetenesta knytt til vidaregåande skule og vil ha denne oppgåva overført frå kommunane."

Torill Selsvold Nyborg sette fram slik protokollmerknad:

"Tillegg:
J. Areal- og bustadplanlegging
K. Regional kompetanseplattform
L. Arbeidsmarknadspolitik
M. Internasjonalt samarbeid"

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 49 røyster mot 8 røyster (Frp) for Hjemdal sitt forslag.
Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Vedtak

Fylkestinget i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 05.12.2014 og vedtak i KS hovud-styre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport "Nye folkevalgte regioner - mål, prinsipper og oppgaver" (datert 8. desember 2014), og tilrår at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. I Noreg er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåvene/sectorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalde regionar i sam-handling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.

4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.
5. Folkevalde regionar bør få overført oppgåver frå staten til dømes innanfor følgjande område:
 - a. Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program
 - e. Konesjonsoppgåver og rettleingsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regio-nal karakter
 - f. Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g. Miljø/klima
 - h. Landbruk
 - i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange oppgåver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere verksemda si slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalde regionale nivået må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetnader av juni 2014. Med dette som utgangspunkt, ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert lagt fram våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsippa som ligg i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det en-kelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet føreset at både fylkeskommunane og KS vert trekte aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal liggje til det regionale folkevalde nivået.

Protokollmerknad frå KrF

Tillegg:

- J. Areal- og bustadplanlegging
- K. Regional kompetanseplattform
- L. Arbeidsmarknadspolitik
- M. Internasjonalt samarbeid

PS 10/15 Tidsdifferensierte bompengetakstar i bomringen i Bergen

Hordaland fylkeskommune vil betre kollektivtilbodet ved innføring av tidsdifferensierte bompengesatsar i Bergen. Dette føreset styrka finansiering. Tidsdifferensieringa får truleg betre effekt ved samstundes å auka kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Nokon vil sykla, samkøyra, køyra som før eller køyra på andre tidspunkt. Men mange vil også reisa kollektivt. Fylkesrådmannen held no på med å vurdere behovet for ekstra kapasitet for kollektivtransport, og vil komme attende med sak om dette.

Fylkesrådmannen legg opp til at belønningsmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Fylkesrådmannen vil så søke nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengeavtalen i Bergen.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiera bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengoordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop 143 S(2012-2013).
2. I rushtida måndag – fredag kl. 06.30 – 09.00 og 15.00 – 17.00 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten

bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015 kroner).

3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjera naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auka kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningssmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søke nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompenggeavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Stein Inge Ryssdal sette fram protokolltilførsle.

Høgre vil vurdera saka fram mot endeleg vedtak i fylkestinget.

Alf Helge Greaker sette fram forslag til nytt pkt.

- Ordninga med tidsdifferensierte bompenger skal evaluerast etter eitt år.

- I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten «Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger» frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modeller

Tom Skauge sette fram fylgjande forslag

Tillegg til pkt:

1. ..., med den endring at det vert innført ei høgare avgift i rushtid. Ekstrainntektene skal gå til kollektivtiltak, mao. drift av og tiltak for framkomst for kollektivtransport.

Endring av pkt:

2. I rushtida mandag-fredag kl. 06-10 og 14-18 skal taksten vere kr. 70,- (same pris for kollektivreise t/r) for liten bil og 140 kroner for stor bil. Utanom rushtida vert takst som i dag.
3. ..om den nye ordninga medfører vesentlege avvik fra målet om å redusere trafikken gjennom bompengeringen med 25 % innen 2 år. Lokale fullmakter ..
4. Innføring av tidsdifferensierte bomsatsar gjer det naudsynt med eit kraftig forbetra kollektivtilbod som skal gje eit godt alternativ til dei som vel vekk bilen.

Nytt pkt:

5. Tre tiltak må være klare eit halvt år føre prisdifferensiering vert innført:
 - a) Auka kapasitet for buss og bane.
 - b) Kollektivfelt på alle 4-felts innfartsårene for å gje bussen køfri konkurransefortrinn.
 - c) Godkjenning i Stortinget for å bruke inntekter frå bomringen til drift av kollektivtilbodet.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 6 røyster (A, SV, KRF, V) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nye pkt fekk 6 røyster (V, KRF, SV, A) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til endra innstilling og nytt pkt fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Saka går vidare til fylkesutvalet utan innstilling frå samferdselsutvalet

Protokolltilførsle frå Stein Inge Ryssdal.

Høgre vil vurdera saka fram mot endeleg vedtak i fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Nils-Olav Næss sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop. 143 S (2012-2013).
2. I rushtida måndag-fredag kl. 06.30-09.00 og 14.30-16.30 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015-kroner).
3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auke kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningssmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søkje nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering."

Alf Helge Greaker sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

5. Ordninga med tidsdifferensierte bompengar skal evaluerast etter eitt år.
6. I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten «Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger» frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modellar."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt:

1. ..., med den endring at det vert innført ei høgare avgift i rushtid. Ekstrainntektene skal gå til kollektivtiltak, m.a.o. drift av og tiltak for framkomst for kollektivtransport.

Endring av punkt:

2. I rushtida måndag-fredag kl. 06-10 og 14-18 skal taksten vere kr. 70,- (same pris for kollektivreise t/r) for liten bil og 140 kroner for stor bil. Utanom rushtida vert takst som i dag.
3. ... om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå målet om å redusere trafikken gjennom bompengeringen med 25 % innan 2 år. Lokale fullmakter ..
4. Innføring av tidsdifferensierte bomsatsar gjer det naudsynt med eit kraftig forbetra kollektivtilbod som skal gje eit godt alternativ til dei som vel vekk bilen.

Nytt punkt:

5. Tre tiltak må vere klare eit halvt år før prisdifferensiering vert innført:
 - a) Auka kapasitet for buss og bane.
 - b) Kollektivfelt på alle 4-felts infartsårene for å gje bussen køfri konkurransefortrinn.
 - c) Godkjenning i Stortinget for å bruke inntekter frå bomringen til drift av kollektivtilbodet."

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Vi viser til vår protokollmerknad i samferdselsutvalget, der Høyre vil vurdere saken frem mot endelig vedtak i fylkestinget.

Fylkestinget går ikke inn for tidsdifferensierte bompenger i bomringen i Bergen."

Røysting

Strømme sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp) og fall.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Nøss sitt forslag med Greaker sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop. 143 S(2012-2013).
2. I rushtida måndag-fredag kl. 06.30-09.00 og 14.30-16.30 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015 kroner).
3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auke kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningsmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søkje nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering.
5. Ordninga med tidsdifferensierte bompengar skal evaluerast etter eitt år.
6. I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten «Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger» frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modellar.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Pål Kårbø sette fram slik forslag:

"a) Punkt 4:

Tillegg til siste setning: "...", for handsaming i fylkestinget juni 2015."

b) Nytt punkt 7:

Fylkestinget legg til grunn at det ved innføring av tidsdifferensierte bompengar vert sett ein auke i kollektivproduksjonen på t.d. 50 bussar (15 prosent) i Bergensområdet."

Natalie Golis sette fram slik protokollmerknad:

"Tidsdifferensiering av bompenger er en meget lite effektiv måte å redusere biltrafikken i Bergen, men først og fremst sprer den i tid. Dagens bilisme er ikke bærekraftig, hverken miljømessig eller helsemessig. Vi er nødt til å satse på alternativer som gir *sterk* reduksjon i biltrafikken. Det er bedre og innovativ kollektivtilbud, sammenhengende gang- og sykkelveinett og vektlegge redusert transportbehov i byplanleggingen."

Marthe Hammer sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt:

1. ..., med den endring at det vert innført ei høgare avgift i rushtid. Ekstrainntektene skal gå til kollektivtiltak, m.a.o. drift av og tiltak for framkomst for kollektivtransport.

Endring av punkt:

2. I rushtida måndag-fredag kl. 06-10 og 14-18 skal taksten vere kr. 70,- (same pris for kollektivreise t/r) for liten bil og 140 kroner for stor bil. Utanom rushtida vert takst som i dag.
3. ... om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå målet om å redusere trafikken gjennom bompengeringa med 25 % innan 2 år. Lokale fullmakter ..
4. Innføring av tidsdifferensierte bomsatsar gjer det naudsynt med eit kraftig forbetra kollektivtilbod som skal gje eit godt alternativ til dei som vel vekk bilen.

Nytt punkt:

5. Tre tiltak må være klare eit halvt år før prisdifferensiering vert innført:
 - d) Auka kapasitet for buss og bane.
 - e) Kollektivfelt på alle 4-felts innfartsårene for å gje bussen køfri konkurransefortrinn.
 - f) Godkjenning i Stortinget for å bruke inntekter frå bomringen til drift av kollektivtilbodet."

Røysting

Hammer sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 16 røyster (Frp, 8 H).

Kårbø sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag b) fekk 8 røyster (KrF, SV, 1 MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop. 143 S(2012-2013).
2. I rushtida måndag-fredag kl. 06.30-09.00 og 14.30-16.30 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015 kroner).
3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auka kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningsmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søkje nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering, for handsaming i fylkestinget juni 2015.
5. Ordninga med tidsdifferensierte bompengar skal evaluerast etter eitt år.
6. I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten "Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger" frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modellar.

Protokollmerknad frå MDG

Tidsdifferensiering av bompengar er en meget lite effektiv måte å redusere biltrafikken i Bergen, men først og fremst sprer den i tid. Dagens bilisme er ikke bærekraftig, hverken miljømessig eller helsemessig.

Vi er nødt til å satse på alternativer som gir *sterk* reduksjon i biltrafikken. Det er bedre og innovativ kollektivtilbud, sammenhengende gang- og sykkelveinett og vektlegge redusert transportbehov i byplanleggingen.

PS 11/15 Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 - vedtak av handlingsprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, handlingsprogrammet til *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.
3. Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Siri Klokkestuen (A) sette fram slikt forslag:

«I Handlingsprogrammet Premiss: Kultur 2015-2025

Endring:

1. Innsatsområde pkt. A: Utvikle regional rettleiar for arkitektur»

Røysting

Klokkestuen sitt endringsforslag pkt. A vart vedteke med 10 røyster (H, Frp, V, KrF).

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, handlingsprogrammet til *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.
3. Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. I Handlingsprogrammet Premiss: Kultur 2015-2025
Vert gjort følgjande endring: Innsatsområde pkt. A: Utvikle regional rettleiar for arkitektur.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, handlingsprogrammet til *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.
3. Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. I Handlingsprogrammet Premiss: Kultur 2015-2025 vert gjort følgjande endring:
Innsatsområde pkt. A: Utvikle regional rettleiar for arkitektur.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Tom-Charster Nilsen sette på vegner av H, Frp, V, A, SV, KrF, MDG og Sp fram slik protokollmerknad:

"Tolkningsrettledning:

Utarbeidelse av regional rettleder for arkitektur:

Dette er en endring fra tidligere formulering om "retningslinjer". Endringen innebærer at rettlederen skal være en rettleder til hjelp, men ikke ha retningslinjestatus, og dermed heller ikke skal danne grunnlag for innsigelser i saker etter plan- og bygningsloven eller annet lovverk."

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken mot 4 røyster (SV, MDG).

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, handlingsprogrammet til *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.
3. Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. I Handlingsprogrammet Premiss: Kultur 2015-2025 vert gjort følgjande endring:
Innsatsområde pkt. A: Utvikle regional rettleder for arkitektur.

Protokollmerknad frå H, Frp, V, A, SV, KrF, MDG og Sp

Tolkningsrettledning:

Utarbeidelse av regional rettleder for arkitektur:

Dette er en endring fra tidligere formulering om "retningslinjer". Endringen innebærer at rettlederen skal være en rettleder til hjelp, men ikke ha retningslinjestatus, og dermed heller ikke skal danne grunnlag for innsigelser i saker etter plan- og bygningsloven eller annet lovverk.

PS 12/15 Drift av bokbåten i Hordaland etter nedlegging i Sogn og Fjordane

Forslag til innstilling

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1. 09. 2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkast innanfor vedtekne budsjett i Kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for Fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1. 09. 2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkast innanfor vedtekne budsjett i Kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for Fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Andre setning i punkt 1:
Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedteke budsjett innan Bibliotek (740).

Punkt 3 går ut."

Røysting

Strømme sitt forslag punkt 1 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga. Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag punkt 3 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga.

Innstilling til fylkestinget

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Natalie Golis sette fram slik forslag:

"Punkt 3 takast tilbake:
"Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet."

Alexander Fosse Andersen sette fram slikt forslag:

1. "Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedteke budsjett i kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten skal handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet."

Røysting

Andersen sitt forslag fekk 11 røyster (Sp, 4 KrF, SV, MDG) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Golis sitt forslag fekk 28 røyster (MDG, SV, A, Sp, KrF) og fall.

Vedtak

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

PS 13/15 Bymiljøavtale for Bergen - organisering og vidare arbeid

Forslag til innstilling

1. I Nasjonal transportplan 2014-2023 er bymiljøavtalar omtalt som ei ordning for vidareføring av bypakkar/bompengeordningar, som skal bidra til at veksten i persontransporten i byområda blir tatt av kollektivtransport, sykling og gange. For å sikre finansiering av bybanen byggetrinn 4 og andre større tiltak for utvikling av transportsystemet i Bergen ser fylkestinget det som nødvendig å starte opp arbeidet med revisjon og vidareføring av Bergensprogrammet innanfor rammene av ordninga med bymiljøavtale.
2. Fylkestinget viser til rammeverk og generelle føringar for forhandlingar om bymiljøavtalar frå Samferdselsdepartementet og legg til grunn at fylkesordføraren inngår i styringsgruppa for arbeidet med slik bymiljøavtale for Bergen, saman med byråd for byutvikling, klima og miljø i Bergen, Jernbanedirektøren og Vegdirektøren. Fylkestinget føreset at Vegdirektøren snarast etablerer styringsgruppa.
3. Fylkestinget gir styringsgruppa mandat til å forhandle fram ei samla Bymiljøavtale for Bergen. Dersom Styringsgruppa finn det tenleg kan dei setje ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslo-pakke 3
4. For å ivareta behovet for informasjon og politisk forankring undervegs fram mot politiske vedtak i bystyre og fylkesting om bymiljøavtalen, går fylkestinget inn for at det vert etablert ei politisk referansegruppe samansett av gruppeleiarar i fylkestinget, samt politisk leiing i Bergen kommune og ordførarane i omlandskommunane Fjell, Askøy, Lindås og Os.
5. I samband med oppstart av arbeidet med bymiljøavtale for Bergen går fylkestinget inn for å avvikle politisk styringsgruppe for Regionpakke Bergen (opprinneleg styringsgruppe for transportanalyse for Bergensområdet).
6. Bymiljøavtalen skal ha nullvekst i personbiltrafikken som hovudmål, målt gjennom definerte indikatorar. Fylkestinget stiller seg bak fylkesrådmannen sin omtale av sentrale forhandlingstema i saksframlegget, og legg til grunn at mellom anna følgjande strategisk virkemiddebruk kan inngå i forhandlingane:
 - Tids- og miljødifferensierte bompengesatsar og andre bilrestriktive tiltak
 - Bybanen byggetrinn 4 og 5
 - Utbygging av overordna ringvegssystem
 - Framkomsttiltak for kollektivtransporten
 - Forsterka finansiering av kollektivtransporttilbodet
 - Infrastruktur for auka andel sykkel og gange
 - Flytting av godsterminal for jernbane i sentrum
 - Mobilitetspåvirkning
7. Fylkestinget vil peike på behovet for eit uavhengig sekretariat i gjennomføringa av bymiljøavtalen, og ber om dette vert vurdert særskilt i forhandlingane.
8. Ferdig framforhandla Bymiljøavtale skal handsamast av Fylkestinget.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Tom Skauge sette fram fylgjande forslag.

Tillegg til pkt 6:

- Kollektivfelt på alle innfartsårene
- Tilskot til drift av kollektivtilbodet

Endra i pkt 6:

- Løyse arealkonflikt mellom bybane og godsterminal.

Alf Helge Greaker sette fram fylgjande forslag.

Frå V, H, FrP, Ap :

Tillegg punkt 4, innskote setning:

"... gruppleiarar i fylkestinget, **leiar av samferdselsutvalet**, samt politisk leiing..."

Frå H, FrP, V, Ap, SV nytt kulepunkt i punkt 6:

- finansiere overgang til låg- og nullutslipps-teknologi for kollektivtransport

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til endra kulepkt 7 i pkt 6.

- Flytting av godsterminal for jernbane

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-3, 5 og 7, 8 vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til endra pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 kulepkt 1 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 kulepkt 2, 4-6 og 8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 kulepkt 3 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endra pkt 6 kulepkt 6 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt kulepkt i pkt 6 vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sine forslag fekk fylgjande røystetal.

Kulepkt 1 og 2 fekk 5 røyster (SV, A, KRF) og fall.

Kulepkt 3 fekk 3 røyster (SV, V, FRP v/Bahus) og fall.

Innstilling

- 1 I Nasjonal transportplan 2014-2023 er bymiljøavtalar omtalt som ei ordning for vidareføring av . bypakkar/bompengerordningar, som skal bidra til at veksten i persontransporten i byområda blir tatt av kollektivtransport, sykling og gange. For å sikre finansiering av bybanen byggetrinn 4 og andre større tiltak for utvikling av transportsystemet i Bergen ser fylkestinget det som nødvendig å starte opp arbeidet med revisjon og vidareføring av Bergensprogrammet innanfor rammene av ordninga med bymiljøavtale.
- 2 Fylkestinget viser til rammeverk og generelle føringar for forhandlingar om bymiljøavtalar frå . Samferdselsdepartementet og legg til grunn at fylkesordføraren inngår i styringsgruppa for arbeidet med slik bymiljøavtale for Bergen, saman med byråd for byutvikling, klima og miljø i Bergen, Jernbanedirektøren og Vegdirektøren. Fylkestinget føreset at Vegdirektøren snarast etablerer styringsgruppa.
- 3 Fylkestinget gir styringsgruppa mandat til å forhandle fram ei samla Bymiljøavtale for Bergen. Dersom . Styringsgruppa finn det tenleg kan dei setje ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslopakke 3
- 4 For å ivareta behovet for informasjon og politisk forankring undervegs fram mot politiske vedtak i . bystyre og fylkesting om bymiljøavtalen, går fylkestinget går inn for at det vert etablert ei politisk referansegruppe samansett av gruppleiarar i fylkestinget, leiar av samferdselsutvalet samt politisk leiing i Bergen kommune og ordførarane i omlandskommunane Fjell, Askøy, Lindås og Os.
- 5 I samband med oppstart av arbeidet med bymiljøavtale for Bergen går fylkestinget inn for å avvikle . politisk styringsgruppe for Regionpakke Bergen (opprinneleg styringsgruppe for transportanalyse for Bergensområdet).
- 6 Bymiljøavtalen skal ha nullvekst i personbiltrafikken som hovudmål, målt gjennom definerte . indikatorar. Fylkestinget stiller seg bak fylkesrådmannen sin omtale av sentrale forhandlingstema i saksframlegget, og legg til grunn at mellom anna fylgjande strategisk virkemiddelbruk kan inngå i forhandlingane:
 - Tids- og miljødifferensierte bompengesatsar og andre bilrestriktive tiltak
 - Bybanen byggetrinn 4 og 5
 - Utbygging av overordna ringvegsystem
 - Framkomsttiltak for kollektivtransporten

- Forsterka finansiering av kollektivtransporttilbodet
 - Infrastruktur for auka andel sykkel og gange
 - Flytting av godsterminal for jernbane
 - Mobilitetspåvirkning
 - Finansierte overgang til låg- og nullutslipps-teknologi for kollektivtransport
- 7 Fylkestinget vil peike på behovet for eit uavhengig sekretariat i gjennomføringa av bymiljøavtalen, og ber om dette vert vurdert særskilt i forhandlingane.
- 8 Ferdig framforhandla Bymiljøavtale skal handsamast av Fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Ta ut punkt 6, kulepunkt 1: Tids- og miljødifferensierte bompengesatsar og andre bilrestriktive tiltak.

Endre punkt 6, kulepunkt 6: til: Infrastruktur og *haldningsarbeid* for auka andel sykkel og gange."

Aud karin Oen sette fram slikt forslag:

Tillegg til punkt 6:

- Kollektivfelt på alle innfartsårene (a)
- Tilskot til drift av kollektivtilbodet (b)

Endra i punkt 6:

- Løyse arealkonflikt mellom bybane og godsterminal.(c)

Røysting

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 1 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp) for Strømme sitt forslag.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 2 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 3 vart vedteken mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget .

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 4 og 5 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Strømme sitt forslag til kulepunkt 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 7 vart vedteken mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget .

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 8 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 9 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 7 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 8 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag (a) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag (b) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag (c) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. I Nasjonal transportplan 2014-2023 er bymiljøavtalar omtalt som ei ordning for vidareføring av bypakkar/bompengoordningar, som skal bidra til at veksten i persontransporten i byområda vert tatt av kollektivtransport, sykling og gange. For å sikre finansiering av bybanen byggjetrinn 4 og andre større tiltak for utvikling av transportsystemet i Bergen, ser fylkestinget det som nødvendig å starte opp arbeidet med revisjon og vidareføring av Bergensprogrammet innanfor rammene av ordninga med bymiljøavtale.
2. Fylkestinget viser til rammeverk og generelle føringar for forhandlingar om bymiljøavtalar frå Samferdselsdepartementet og legg til grunn at fylkesordføraren inngår i styringsgruppa for arbeidet med slikt bymiljøavtale for Bergen, saman med byråd for byutvikling, klima og miljø i Bergen, Jernbanedirektøren og Vegdirektøren. Fylkestinget føreset at Vegdirektøren snarast etablerer styringsgruppa.

3. Fylkestinget gir styringsgruppa mandat til å forhandle fram ei samla Bymiljøavtale for Bergen. Dersom styringsgruppa finn det tenleg, kan dei setje ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslo-pakke 3.
4. For å ivareta behovet for informasjon og politisk forankring undervegs fram mot politiske vedtak i bystyre og fylkesting om bymiljøavtalen, går fylkestinget inn for at det vert etablert ei politisk referansegruppe samansett av gruppeleiarar i fylkestinget, leiar av samferdselsutvalet samt politisk leiing i Bergen kommune og ordførarane i omlandkommunane Fjell, Askøy, Lindås og Os.
5. I samband med oppstart av arbeidet med bymiljøavtale for Bergen, går fylkestinget inn for å avvikle politisk styringsgruppe for Regionpakke Bergen (opprinneleg styringsgruppe for transportanalyse for Bergensområdet).
6. Bymiljøavtalen skal ha nullvekst i personbiltrafikken som hovudmål, målt gjennom definerte indikatorar. Fylkestinget stiller seg bak fylkesrådmannen sin omtale av sentrale forhandlingstema i saksframlegget, og legg til grunn at mellom anna følgjande strategisk verkemiddelbruk kan inngå i forhandlingane:
 - Tids- og miljødifferensierte bompengesatsar og andre bilrestriktive tiltak
 - Bybanen byggjetrinn 4 og 5
 - Utbygging av overordna ringvegsystem
 - Framkomsttiltak for kollektivtransporten
 - Forsterka finansiering av kollektivtransporttilbodet
 - Infrastruktur og haldningsarbeid for auka andel sykkel og gange
 - Flytting av godsterminal for jernbane
 - Mobilitetspåverknig
 - Finansierte overgang til låg- og nullutslipps-teknologi for kollektivtransport
7. Fylkestinget vil peike på behovet for eit uavhengig sekretariat i gjennomføringa av bymiljøavtalen, og ber om dette vert vurdert særskilt i forhandlingane.
8. Ferdig framforhandla Bymiljøavtale skal handsamast av fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Alexander Fosse Andersen sette fram slik forslag:

"Endring i punkt 3, 2. setning, setninga vert endra til:
Ved handsaming av større prinsipielle saker, og spørsmål som gjeld hovudlinjene i bymiljøavtalen, skal styringsgruppa drøfte desse med ytterlegare to representantar frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune (politisk forhandlingsutval). Opposisjonen skal her vera representert."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

Tillegg til punkt 6:

- Kollektivfelt på alle innfartsårene (a)
- Tilskot til drift av kollektivtilbodet (b)

Endra i punkt 6:

- Løyse arealkonflikt mellom bybane og godsterminal.(c)

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag:

"Politisk referansegruppe utvides slik at ordføreren i Meland og Osterøy føyes til."

Røysting

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 6, utan kulepunkt 3 (ringvegsystem), vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 6, kulepunkt 3 (ringvegsystem), vart vedteke mot 4 røyster (SV, MDG).

Innstillinga punkt 7-8 vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag a) og b) fekk 28 røyster (SV, MDG, A, KrF, Sp) og fall.

Oen sitt forslag c) fekk 2 røyster (SV) og fall.
Andersen sitt forslag fekk 8 røyster (KrF, Sp) og fall.
Tomren sitt forslag fekk 23 røyster (MDG, A, Sv, Sp) og fall.

Vedtak

1. I Nasjonal transportplan 2014-2023 er bymiljøavtalar omtalt som ei ordning for vidareføring av bypakkar/bompengeordningar, som skal bidra til at veksten i persontransporten i byområda vert tatt av kollektivtransport, sykling og gange. For å sikre finansiering av bybanen byggjetrinn 4 og andre større tiltak for utvikling av transportsystemet i Bergen, ser fylkestinget det som nødvendig å starte opp arbeidet med revisjon og vidareføring av Bergensprogrammet innanfor rammene av ordninga med bymiljøavtale.
2. Fylkestinget viser til rammeverk og generelle føringar for forhandlingar om bymiljøavtalar frå Samferdselsdepartementet og legg til grunn at fylkesordføraren inngår i styringsgruppa for arbeidet med slik bymiljøavtale for Bergen, saman med byråd for byutvikling, klima og miljø i Bergen, Jernbanedirektøren og Vegdirektøren. Fylkestinget føreset at Vegdirektøren snarast etablerer styringsgruppa.
3. Fylkestinget gir styringsgruppa mandat til å forhandle fram ei samla Bymiljøavtale for Bergen. Dersom styringsgruppa finn det tenleg, kan dei setje ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslopakke 3.
4. For å ivareta behovet for informasjon og politisk forankring undervegs fram mot politiske vedtak i bystyre og fylkesting om bymiljøavtalen, går fylkestinget inn for at det vert etablert ei politisk referansegruppe samansett av gruppeleiarar i fylkestinget, leiar av samferdselsutvalet samt politisk leiing i Bergen kommune og ordførarane i omlandskommunane Fjell, Askøy, Lindås og Os.
5. I samband med oppstart av arbeidet med bymiljøavtale for Bergen, går fylkestinget inn for å avvikle politisk styringsgruppe for Regionpakke Bergen (opprinneleg styringsgruppe for transportanalyse for Bergensområdet).
6. Bymiljøavtalen skal ha nullvekst i personbiltrafikken som hovudmål, målt gjennom definerte indikatorar. Fylkestinget stiller seg bak fylkesrådmannen sin omtale av sentrale forhandlingstema i saksframlegget, og legg til grunn at mellom anna følgjande strategisk verkemiddelbruk kan inngå i forhandlingane:
 - Tids- og miljødifferensierte bompengesatsar og andre bilrestriktive tiltak
 - Bybanen byggjetrinn 4 og 5
 - Utbygging av overordna ringvegssystem
 - Framkomsttiltak for kollektivtransporten
 - Forsterka finansiering av kollektivtransporttilbodet
 - Infrastruktur og haldningsarbeid for auka andel sykkel og gange
 - Flytting av godsterminal for jernbane
 - Mobilitetspåvirkning
 - Finansiære overgang til låg- og nullutslipps-teknologi for kollektivtransport
7. Fylkestinget vil peike på behovet for eit uavhengig sekretariat i gjennomføringa av bymiljøavtalen, og ber om dette vert vurdert særskilt i forhandlingane.
8. Ferdig framforhandla Bymiljøavtale skal handsamast av fylkestinget.

PS 14/15 Kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrift

Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbod frå Tide Buss av 03.09.14.
2. Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Pål Kårbø stilte spørsmål til habiliteten sin som styremedlem i Bybanen AS

Utvalet fann at Kårbø er ugild i saka ut frå reglane i fvl. § 6.1.pkt.e.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1.	Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbod frå Tide Buss av 03.09.14.
2.	Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Mona Røsvik Strømme gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Stein Inge Ryssdal møtte for Mona Røsvik Strømme i saka.

Innstillinga var samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbod frå Tide Buss av 03.09.2014.
2. Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Pål Kårbø og **Mona Røsvik Strømme** gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Bybanen AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 55 representantar til stades.

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 3:

Fylkestinget ber om at det utvikles en framdriftsplan for vidare utvidelse av e-bussnettet i Bergen i tråd med forslaget fra mulighetsstudiet s. 6, og at denne forelegges fylkestinget i løpet av 2015."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av infrastruktur knytt til trolleybussdrifta i Bergen innanfor ei kostnadsramme på kr 19 000 000, jf. tilbod frå Tide Buss av 03.09.2014.
2. Fylkestinget tek estimat over framtidige investerings- og vedlikehaldskostnader knytt til trolleybussinfrastrukturen til etterretning.

PS 15/15 Strategi for innfartsparkering fram mot 2030 med høyringsinnspel

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget støttar overordna mål og strategi i dokumentet *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.
2. Hordaland fylkeskommune fylke tar det overordna koordineringsansvaret for vidare utbygging av innfartsparkering for bil og sykkel i Hordaland.
3. Fylkestinget legg opp til at utviklingsbane 2, med vekst frå dagens 2 500 til ca. 4 000 innfartsparkeringsplassar fram mot 2030, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med integrerte løysingar for betaling av kollektivreise og innfartsparkering.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp strategi for innfartsparkering gjennom vidare handsaming av handlingsprogram for kollektivstrategien og dei årlege plan- og byggeprogramma.
6. Fylkestinget ser på arbeidet til den tverrpolitiske arbeidsgruppa for innfartsparkering som avslutta.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt.

8. Innfartsparkering vert bygd opp parallelt med at 2000 P-plasser vert teke vekk i sentrale Bergen.
9. Fylkestinget vil understreka behovet for trygg innelåst sykkelparkering, og ber om at dette vert innarbeid i rullering av strategien.
10. Fylkestinget vil ha best mulig effekt av investeringar for å fremma kollektivbruk og redusere bilbruk. Berre der innfartsparkering gjev betre effekt for å auke kollektivbruken og redusere biltrafikken samanlikna med alternative tiltak, bør innfartsparkering prioriterast.

Alf Helge Greaker sette fram forslag til nytt pkt.

I Åsane er strategien bunden tett opp til bygginga av bybanen til bydelen. Hordaland fylkesting meiner at fram mot ei avklaring av bybaneutbygginga, må det vurderast midlertidige løysningar, som kan betene det aukande behovet. Slike løysningar kan utviklast i saman med andre aktørar i området, både offentlege og private. Midlertidige løysingar må og vurderast i resten av fylket.

Gustav Bahus sette på vegne av FRP, H, V fram forslag til endring i pkt 2 og 3.

Pkt 2: Inkludera «motorsykel».

Pkt 3: Fylkestinget legg opp til vekst frå dagens 2 500 til ca. 6 000 innfartsparkeringsplassar fram mot 2030, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 og 4-6 vart samrøystes vedteke.

Gustav Bahus sitt forslag til endra pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Gustav Bahus sitt forslag til endra pkt 3 vart vedteke mot 1 røyst(SV) .

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sine forslag til nye pkt 8 og 10 fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 9 vart samrøystes vedteke

Innstilling

7. Fylkestinget støttar overordna mål og strategi i dokumentet *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.
8. Hordaland fylkeskommune fylke tar det overordna koordineringsansvaret for vidare utbygging av innfartsparkering for bil og sykkel i Hordaland.
9. Fylkestinget legg opp til vekst frå dagens 2 500 til ca. 6 000 innfartsparkeringsplassar fram mot 2030, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering.
10. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med integrerte løysingar for betaling av kollektivreise og innfartsparkering.

11. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp strategi for innfartsparkering gjennom vidare handsaming av handlingsprogram for kollektivstrategien og dei årlege plan- og byggeprogramma.
12. Fylkestinget ser på arbeidet til den tverrpolitiske arbeidsgruppa for innfartsparkering som avslutta.
13. I Åsane er strategien bunden tett opp til bygginga av bybanen til bydelen. Hordaland fylkesting meiner at fram mot ei avklaring av bybaneutbygginga, må det vurderast midlertidige løysningar, som kan betene det aukande behovet. Slike løysningar kan utviklast i saman med andre aktørar i området, både offentlege og private. Midlertidige løysingar må og vurderast i resten av fylket.
14. Fylkestinget vil understreka behovet for trygg innelåst sykkelparkering, og ber om at dette vert innarbeid i rullering av strategien.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomter som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

- Innfartsparkering vert bygd opp parallelt med at 2000 p-plassar vert tekne vekk i sentrale Bergen.
- Fylkestinget vil ha best mulig effekt av investeringar for å fremma kollektivbruk og redusere bilbruk. Berre der innfartsparkering gjev betre effekt for å auke kollektivbruken og redusere biltrafikken samanlikna med alternative tiltak, bør innfartsparkering prioriterast."

Røysting

Innstillinga punkt 1, 2, 4, 5 og 6 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget støttar overordna mål og strategi i dokumentet *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.
2. Hordaland fylkeskommune tar det overordna koordineringsansvaret for vidare utbygging av innfartsparkering for bil og sykkel i Hordaland.
3. Fylkestinget legg opp til at utviklingsbane 2, med vekst frå dagens 2 500 til ca. 4 000 innfartsparkeringsplassar fram mot 2030, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med integrerte løysingar for betaling av kollektivreise og innfartsparkering.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp strategi for innfartsparkering gjennom vidare handsaming av handlingsprogram for kollektivstrategien og dei årlege plan- og byggeprogramma.
6. Fylkestinget ser på arbeidet til den tverrpolitiske arbeidsgruppa for innfartsparkering som avslutta.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomter som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane.
8. Fylkestinget vil understreka behovet for trygg innelåst sykkelparkering, og ber om at dette vert innarbeid i rullering av strategien.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

På grunn av feil i møteboka frå fylkesutvalet, vart innstillinga frå samferdselsutvalet (med Bahus sitt forslag om motorsykkel) lagt til grunn for behandlinga i fylkestinget. Det endelege vedtaket i fylkestinget vart nummerert 1-8.

Natalie Golis sette fram slikt forslag:

"a) Nytt punkt:

Arna vert tatt inn som innfartsparkeringsplass som skal verta vidare utgreidd.

b) Tillegg til punkt 9 (3):

"20 % av desse skal vere tilrettelagt for el-billading."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

- Innfartsparkering vert bygd opp parallelt med at 2000 P-plasser vert teke vekk i sentrale Bergen.
- Fylkestinget vil ha best mulig effekt av investeringar for å fremma kollektivbruk og redusere bilbruk. Berre der innfartsparkering gjev betre effekt for å auke kollektivbruken og redusere biltrafikken samanlikna med alternative tiltak, bør innfartsparkering prioriterast."

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomter som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane."

Røysting

Innstillinga punkt 7-8 (1-2) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 9 (3) vart vedteke mot 2 røyster (SV).

Innstillinga punkt 10-14 (4-8) vart samrøystes vedteke.

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag a) fekk 4 røyster (MDG, SV) og fall.

Golis sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MGD) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget støttar overordna mål og strategi i dokumentet *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.
2. Hordaland fylkeskommune fylke tar det overordna koordineringsansvaret for vidare utbygging av innfartsparkering for bil, motorsykkel og sykkel i Hordaland.
3. Fylkestinget legg opp til vekst frå dagens 2 500 til ca. 6 000 innfartsparkeringsplassar fram mot 2030, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering. 20 % av desse skal vere tilrettelagt for el-billading.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med integrerte løysingar for betaling av kollektivreise og innfartsparkering.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp strategi for innfartsparkering gjennom vidare handsaming av handlingsprogram for kollektivstrategien og dei årlege plan- og byggeprogramma.
6. Fylkestinget ser på arbeidet til den tverrpolitiske arbeidsgruppa for innfartsparkering som avslutta.
7. I Åsane er strategien bunden tett opp til bygginga av bybanen til bydelen. Hordaland fylkesting meiner at fram mot ei avklaring av bybaneutbygginga, må det vurderast midlertidige løysningar, som kan betene det aukande behovet. Slike løysningar kan utviklast i saman med andre aktørar i området, både offentlege og private. Midlertidige løysingar må og vurderast i resten av fylket.

8. Fylkestinget vil understreke behovet for trygg innelåst sykkelparkering, og ber om at dette vert innarbeid i rullering av strategien.
9. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomtar som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane.

PS 16/15 Oppstart av Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek å starta opp arbeidet med Regional transportplan Hordaland 2018-2029. Fylkesutvalet ber om at utkast til planprogram vert utarbeidd i samsvar med føringane i saksframlegget.
2. Fylkestinget oppnemner til saksordførar for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
3. Samferdselsutvalet utgjer politisk kontaktutval for arbeidet med Regional Transportplan.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 11.02.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å starta opp arbeidet med Regional transportplan Hordaland 2018-2029. Fylkesutvalet ber om at utkast til planprogram vert utarbeidd i samsvar med føringane i saksframlegget.
2. Fylkestinget oppnemner til saksordførar for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
3. Samferdselsutvalet utgjer politisk kontaktutval for arbeidet med Regional Transportplan.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek å starta opp arbeidet med Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
Fylkesutvalet ber om at utkast til planprogram vert utarbeidd i samsvar med føringane i saksframlegget.
2. Samferdselsutvalet utgjer politisk kontaktutval for arbeidet med Regional Transportplan.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget oppnemner til saksordførar for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Saksprotokoll i Valnemnda - 10.03.2015

Mona Haugland Hellesnes etterspurde ei oversikt over saksordførarar tilbake til 2009. Ho bad om at ei slik oversikt vert utarbeidd.

Sveinung Valle (A) sette fram forslag til innstilling om Atle Kvåle som saksordførar for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Terje Søviknes (Frp) trekke fellesforslag til innstilling frå (H, Frp,V) om Gustav Bahus som saksordførar.

Røysting

Sveinung Valle sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

2. Fylkestinget oppnemner Atle Kvåle til saksordfører for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Tom Sverre Tomren gjorde framlegg om Natalie Golis som saksordfører for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 53 røyster mot 4 røyster (MDG, SV) for Tomren sitt forslag.

Vedtak

Fylkestinget oppnemner Atle Kvåle til saksordfører for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

PS 17/15 Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse. Retningslinjer

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Birthe Eriksen sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Det bes om en ny sak hvor det fremmes forslag til anbefaling av prinsipper for eierstyring og selskapsledelse ("corporate governance") / prinsipper for utøvelse/ivaretagelse av styreverv på vegne av Hordaland fylkeskommune."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Eriksen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet.

Det bes om en ny sak hvor det fremmes forslag til anbefaling av prinsipper for eierstyring og selskapsledelse ("corporate governance") / prinsipper for utøvelse/ivaretagelse av styreverv på vegne av Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek Eigarskapsforvaltning – Styrerepresentasjon og kompetanse med retningslinjer slik det ligg føre i innstillinga frå arbeidsutvalet.

Det bes om en ny sak hvor det fremmes forslag til anbefaling av prinsipper for eierstyring og selskapsledelse ("corporate governance") / prinsipper for utøvelse/ivaretagelse av styreverv på vegne av Hordaland fylkeskommune.

PS 18/15 Handlingsprogram 2015-2018 Kollektivstrategi for Hordaland

Fylkesrådmannen legg med dette fram Handlingsprogram kollektiv 2015-18. Dette er det første handlingsprogrammet knytt til Kollektivstrategi for Hordaland, vedtatt i fylkestinget i juni sak 30/24 . Handlingsprogrammet viser prioriterte tiltak knytt til dei fire hovudtemaa i kollektivstrategien – betre tilbod, enkle reiser, effektive reiser og miljøvenleg drift.

Det er valt ut eit sett måleindikatorar som grunnlag for å måle om utviklinga går i rett retning i høve overordna mål om å ta veksten i persontrafikken i byområda og sikre mobilitet for innbyggjarane i fylket. Måleindikatorane er i stor grad samanfallande med det som er lagt til grunn i søknad om ny belønningsavtale 2015-2018, og det som vil vere felles indikatorsett for framtidig bymiljøavtale. Rapportering på mål og resultat knytt til enkelttiltak vil bli gjort i samband med årleg rullering av handlingsprogrammet.

Det er positivt å få ei samla oversikt over fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet. Dette gjev betre moglegheit til å sjå samanhangen i innsatsen på tvers av einingar i fylkeskommunen, kommunar og statlege etatar, noko som er viktig for å få best mogleg effekt av tiltaka. Langsiktig planlegging og tydelege prioriteringar vil vere viktig for å få til den ønska utviklinga i kollektivsektoren framover.

Det er sett ambisiøse mål for kollektivtransporten, både i fylket og på nasjonalt nivå. Fylkesrådmannen ser ei klar utfordring i gapet mellom målsettingar og ressursar og kapasitet til å gjennomføre nødvendige tiltak. Tiltaka som her er prioritert vil ikkje vere tilstrekkelege for å nå dei overordna måla.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

Silja Ekeland Bjørkly sette fram forslag om å utsetja saka.

Røysting

Forslaget om å utsetja saka vart vedteke mot 1 røyst (Anne-Line Innvær).

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Tom-Charster Nilsen sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015

Atle Kvåle sette på vegne av A, SV, SP fram forslag om tillegg til innstillinga.

1. Som innstillinga
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber SVV leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidtrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut av vegen.

5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 2-5 fekk 6 røyster (A, SV, SV, KRF) og fall.

Atle Kvåle sitt forslag til nye pkt 6 fekk 5 røyster (A, SV, SV) og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag:

1. "Som innstillinga.
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber Statens vegvesen leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrkt kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut av veggen.
5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er."

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) for Oen sitt forslag punkt 1-5.

Oen sitt forslag punkt 6 fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland.

Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, MDG, KrF og A fram slikt forslag:

1. "Som innstillinga.
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber Statens vegvesen leggja fram plan for gjennomføring.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrkt kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut av veggen.
5. Reklamefinansiering av kollektivtransport skal ut av planen.

6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 29 røyster mot 28 røyster (SV, MDG, KrF, A, Sp) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2015-2018 for Kollektivstrategi for Hordaland.

Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

PS 19/15 Regional plan for Nordfjella - Handlingsprogram 2015 - 2018

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget i Hordaland vedtar Handlingsprogram 2015-2018 – Regional plan for Nordfjella, datert 18.12.2014.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem
3. Buskerud fylkeskommune får inntil anna er bestemt ansvar for sekretariat. Årlege kostnader for dette vert delt likt mellom fylkeskommunane.
4. Attståande midlar frå planprosjektet vert disponert slik handlingsprogrammet legg opp til.
5. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, første gang i 2016.
6. Vedtaket vert gjort med føresetnad om at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland vedtar Handlingsprogram 2015-2018 – Regional plan for Nordfjella, datert 18.12.2014.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem
3. Buskerud fylkeskommune får inntil anna er bestemt ansvar for sekretariat. Årlege kostnader for dette vert delt likt mellom fylkeskommunane.
4. Attståande midlar frå planprosjektet vert disponert slik handlingsprogrammet legg opp til.
5. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, første gang i 2016.
6. Vedtaket vert gjort med føresetnad om at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget i Hordaland vedtar Handlingsprogram 2015-2018 – Regional plan for Nordfjella, datert 18.12.2014.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemner
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem
3. Buskerud fylkeskommune får inntil anna er bestemt ansvar for sekretariat. Årlege kostnader for dette vert delt likt mellom fylkeskommunane.

4. Attstående midlar frå planprosjektet vert disponert slik handlingsprogrammet legg opp til.
5. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, første gang i 2016.
6. Vedtaket vert gjort med føresetnad om at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

Saksprotokoll i Valnemnda - 10.03.2015

Sveinung Valle (A) sette fram forslag til innstilling om Benthe Bondhus som medlem.

Mona Haugland Hellesnes (V) sette fram forslag til innstilling om Aslaug Hellesøy som varamedlem.

Røysting

Sveinung Valle sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Mona Haugland Hellesnes sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemner
 - a) Benthe Bondhus som medlem
 - b) Aslaug Hellesøy som varamedlem

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget i Hordaland vedtar Handlingsprogram 2015-2018 – Regional plan for Nordfjella, datert 18.12.2014.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemner
 - a) Bente Bondhus som medlem
 - b) Aslaug Hellesøy som varamedlem
3. Buskerud fylkeskommune får inntil anna er bestemt ansvar for sekretariat. Årlege kostnader for dette vert delt likt mellom fylkeskommunane.
4. Attstående midlar frå planprosjektet vert disponert slik handlingsprogrammet legg opp til.
5. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, første gang i 2016.
6. Vedtaket vert gjort med føresetnad om at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

PS 20/15 Oppfølging av museumsplanen 2015

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015, 2 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjonane. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak til avgjerd i Kultur- og ressursutvalet før sommaren.
3. Endeleg statusrapport for museumsplanmidlar åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak

for fylkestinget våren 2016.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015, 2 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjonane. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak til avgjerd i Kultur- og ressursutvalet før sommaren.
3. Endeleg statusrapport for museumsplanmidlar åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015, 2 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjonane. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak til avgjerd i kultur- og ressursutvalet før sommaren.
3. Endeleg statusrapport for museumsplanmidlar åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015, 2 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjonane. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak til avgjerd i kultur- og ressursutvalet før sommaren.
3. Endeleg statusrapport for museumsplanmidlar åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016.

PS 21/15 Nye Åsane vgs - kjøp av tilleggsareal på ca. 2 mål frå Bergen kommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune for kr. 3.900 pr. kvm.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune for kr. 3.900 pr. kvm.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune for kr. 3.900 pr. kvm.

PS 22/15 8-13 samarbeid i Austrheim

Forslag til innstilling

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom HFK og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT 1).

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom HFK og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT 1).

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT. 1).

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2015

Saksordførar **Rosalind Fosse** presenterte arbeidet med sakene 22/15 og 23/15 om 8-13 samarbeid i Austrheim og Arna.

Rosalind Fosse sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Hordaland fylkeskommune arbeider mot et tettere samarbeid og involvering rettet mot kommunene i Nord – Hordaland og Sogn og Fjordane (Gulen / Solund)."

Tom Sverre Tomren sette fram slik forslag:

1. "Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp basert på noverande skulemodell og oppgåvedeling mellom fylkeskommune og

kommune.

2. Samarbeidet tek utgangspunkt i ei framtidig plassering i Sætremarka."

Det var 56 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 54 røyster mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt forslag. Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT. 1).

Hordaland fylkeskommune arbeider mot et tettere samarbeid og involvering rettet mot kommunene i Nord – Hordaland og Sogn og Fjordane (Gulen / Solund).

PS 23/15 8-13 samarbeid i Arna

Forslag til innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3	Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar: <ol style="list-style-type: none">1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).4. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3	Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar: <ol style="list-style-type: none">5. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.

	<ol style="list-style-type: none">6. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.7. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).8. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.
--	--

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2. Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3. Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:
 1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.
 2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.
 3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).
 4. Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2. Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3. Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:
 1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.
 2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.
 3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om

kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).

4. Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.

PS 24/15 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 25.11.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2015

Aud Karin Oen sette fram slik forslag:

1. "For at elevar ikkje skal stå utan læreplass vedtek Hordaland fylkesting å innføra ein lærling- garanti. Alle elevar skal ha rett på læreplass.
2. Eit stort antal sluttarar oppgjev psykiske og helsemessige årsaker til at dei sluttar. Hordaland fylkesting vil difor arbeida for ei betre helseteneste ved å tilsetja skulepsykologar på dei vidaregåande skulane.
3. Hordaland fylkeskommune vil ha hand om helseteneste knytt til vidaregåande skule og vil ha denne oppgåva overført frå kommunane. Målet er å utvikla eit godt tilbod ved alle dei vidaregåande skulane i Hordaland, særleg med tanke på å få ned talet på sluttarar."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 20 røyster (SV, A, MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 23 røyster (SV, A, MDG, Sp) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 5 røyster (SV, Sp) og fall.

Vedtak

Fylkestinget tek Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2013/14 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

PS 25/15 Endring av styrevedtekter for Fagskolane i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtektene for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 27.01.2015

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtektene for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 27.01.2015

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtektene for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtektene for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtektene for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

PS 26/15 Finansforvaltninga i 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2014 til orientering.

PS 27/15 Årsmelding for klagenemnda - 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2014 til orientering.

Saksprotokoll i Klagenemnda - 27.01.2015

Innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2014 til orientering.

PS 28/15 Revisjon av overordna beredskapsplan

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek revidert overordna beredskapsplan for Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek revidert overordna beredskapsplan for Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek revidert overordna beredskapsplan for Hordaland fylkeskommune.

PS 29/15 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 10. og 11.03.2015

SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 10. mars: Sakene 4-21, 25-27/15.
- 11. mars: Sakene 22-23, 28, 24/15.

OPNING AV FYLKESTINGET

På fylkesdirektør **Johnny Stiansen** sitt siste møte i fylkestinget før han går av med pensjon, takka fylkesordføraren og fylkestinget han for lang og god teneste for Hordaland fylkeskommune.

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Anne Beth Njærheim og Pål Kårbø valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt minneord om Tordis Nysæter.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 14 representantar hadde ordet.

I samband med talane sette **Aud Karin Oen** fram slikt forslag til uttale:

"Uttale: U-864 – Kvikksølvet må bort frå havet

Det er no snart 12 år sidan vraket av U-864 blei funne vest for Fedje. Ein reknar med at den var lasta med omlag 67 tonn metallisk kvikksølv.

Mykje utgreiing er gjort, men ikkje noko kvikksølv har kome opp frå havbotnen. Derimot lek det omlag 4 kg kvikksølv årleg ut i havet.

Kystverket var ferdig med si siste undersøking i mars 2014, sidan er saka sendt til Samferdselsdepartementet for vidare handsaming. Det er no snart eit år sidan!

Det er forståeleg at ei heving av kvikksølvet må gjerast på ein sikker og trygg måte, og at ein må ta omsyn til faglege råd, men må det ta så lang tid?

Stadige utgreiingar og vurderingar og nye rundar, skapar på ny tvil og sinne hos heile kystfolket i Hordaland. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølvet, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover.

Vi ønskjer å bu ved kysten og kunne hauste av eit reint hav – og vi ønskjer at borna våre skal kunne gjere det same! Hordaland fylkesting krev difor at kvikksølvgifta vert fjerna på forsvarleg vis. Vi forventar at regjeringa legg til rette for ei avslutning av saka om U-864."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

Vedtak

Uttale: U-864 – Kvikksølvet må bort frå havet

Det er no snart 12 år sidan vraket av U-864 blei funne vest for Fedje. Ein reknar med at den var lasta med omlag 67 tonn metallisk kvikksølv.

Mykje utgreiing er gjort, men ikkje noko kvikksølv har kome opp frå havbotnen. Derimot lek det omlag 4 kg kvikksølv årleg ut i havet.

Kystverket var ferdig med si siste undersøking i mars 2014, sidan er saka sendt til Samferdselsdepartementet for vidare handsaming. Det er no snart eit år sidan!

Det er forståeleg at ei heving av kvikksølvet må gjerast på ein sikker og trygg måte, og at ein må ta omsyn til faglege råd, men må det ta så lang tid?

Stadige utgreiingar og vurderingar og nye rundar, skapar på ny tvil og sinne hos heile kystfolket i Hordaland. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølvet, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover.

Vi ønskjer å bu ved kysten og kunne hauste av eit reint hav – og vi ønskjer at borna våre skal kunne gjere det same! Hordaland fylkesting krev difor at kvikksølvgifta vert fjerna på forsvarleg vis. Vi forventar at regjeringa legg til rette for ei avslutning av saka om U-864.

Benthe Bondhus sette fram slikt forslag til uttale:

"Uttale: Arbeidet med rassikring må forserast

Hovudvegsambandet nord-sør langs Vestlandet, Europavegen – E39 Romarheimsdalen har vore stengt på grunn av ras sidan 1. mars. 4 bilar vart tekne av skred, 11 personar var i livsfare.

Nok ein gong var marginane på rett side slik at alle dei involverte slapp frå hendinga i live. Denne gongen var det eit 50 meter langt snøskred, med ei høgde på to meter tettpakka snø, som treffe køyretya.

Gjentekne gonger har hovudvegsambanda E39, E16 og E6 vorte stengde grunna ras og rasfare dei siste åra, ofte i lange periodar.

Dette skapar store vanskar for transportnæringa, for verksemder, for kollektivtrafikken og for folk flest. Økonomisk kan dette kun målast i auka kostnader og tapt verdiskaping. Redsla og uroa over å vere nøydd å ferdast langs rasutsette vegstrekningane derimot, kan ikkje målast økonomisk.

Redsla og uroa finn ein att i redusert livskvalitet for alle dei som må bu og leve med skredfaren. Dei vegfarande skal kunne ha tillit til at det offentlege vegnettet er trygt å ferdast på. Derfor må arbeidet med skredsikring forserast, noko anna er uakseptabelt.

På ny var ein heldige, dei ørsmå marginane spelte nok ein gong på lag – men me veit alle at slike ras kan få dramatiske konsekvensar.

Me kan ikkje setje vår lit til marginar. Rassikring er eit nasjonalt ansvar, me må kunne setje vår lit til forserte løyvingar.

Den nasjonale rassikringsgruppa har sett eit tålmodig og nøkternt mål for at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras innan 2030.

Sjølv om merksemda på rasproblematikken har auka dei seinare åra, vil ein ikkje nå dette målet med dagens løyvingstakt.

Hordaland fylkesting ber om at målsettinga til den Nasjonale rassikringsgruppa vert innarbeidd i arbeidet med ny Nasjonal Transportplan."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Silje Hjemdal sette fram slikt forslag:

"Ta inn "mellom anna" i 3. avsnitt. Då vert ny setning: Gjenteke gonger har *mellom anna* hovudvegsambanda E39, E16 og E6 vorte stengde grunna ras og rasfare dei siste åra, ofte i lange periodar."

Røysting

Bondhus sitt forslag med Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Uttale: Arbeidet med rassikring må forserast

Hovudvegsambandet nord-sør langs Vestlandet, Europavegen – E39 Romarheimsdalen har vore stengt på grunn av ras sidan 1. mars. 4 bilar vart tekne av skred, 11 personar var i livsfare.

Nok ein gong var marginane på rett side slik at alle dei involverte slapp frå hendinga i live. Denne gongen var det eit 50 meter langt snøskred, med ei høgde på to meter tettpakka snø, som treffe køyretya.

Gjenteke gonger har mellom anna hovudvegsambanda E39, E16 og E6 vorte stengde grunna ras og rasfare dei siste åra, ofte i lange periodar.

Dette skapar store vanskar for transportnæringa, for verksemder, for kollektivtrafikken og for folk flest. Økonomisk kan dette kun målast i auka kostnader og tapt verdiskaping. Redsla og uroa over å vere nøydd å ferdast langs rasutsette vegstrekningane derimot, kan ikkje målast økonomisk.

Redsla og uroa finn ein att i redusert livskvalitet for alle dei som må bu og leve med skredfaren. Dei vegfarande skal kunne ha tillit til at det offentlege vegnettet er trygt å ferdast på. Derfor må arbeidet med skredsikring forserast, noko anna er uakseptabelt.

På ny var ein heldige, dei ørsmå marginane spelte nok ein gong på lag – men me veit alle at slike ras kan få dramatiske konsekvensar.

Me kan ikkje setje vår lit til marginar. Rassikring er eit nasjonalt ansvar, me må kunne setje vår lit til forserte løyvingar.

Den nasjonale rassikringsgruppa har sett eit tålmodig og nøkternt mål for at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras innan 2030.

Sjølv om merksemda på rasproblematikken har auka dei seinare åra, vil ein ikkje nå dette målet med dagens løyvingstakt.

Hordaland fylkesting ber om at målsettinga til den Nasjonale rassikringsgruppa vert innarbeidd i arbeidet med ny Nasjonal Transportplan.

MILJØPRISEN 2014

Maritim Clean Tech West v/dagleg leiar Hege Økland mottok Miljøprisen 2014 for utviklinga av den første batteridrivne ferja i verda. Verksemda fekk prisen fordi den har gitt eit viktig bidrag til arbeidet mot ei berekraftig, maritim framtid og syner ein av vegane mot lågutsleppssamfunnet. Prisen vart delt ut av leiar i kultur- og ressursutvalet, Anne Beth Njærheim.

ORIENTERINGAR

Project Manager **Sigrid Borthen Toven** frå Statoil orienterte om PUD og KU for Johan Sverdrup-feltet.

Regionvegsjef **Helge Eidsnes** i Statens vegvesen orienterte om aust-vestutgreiinga, KVV Arna-Voss, KVV Rv 7, med meir.

